



Norges miljø- og
biovitenskapelige
universitet

Masteroppgåve 2016 30 stp
Institutt for Naturforvaltning

Tåleevne for reiselivet i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap

- Eit lokalsamfunnsperspektiv på
reiselivsutvikling i Flåm

**Social threshold for tourism in the UNESCO
World Heritage Site West Norwegian Fjords**
- Local community perspectives on tourism
developments in the small village Flåm

Marte Turtum
Naturforvaltning

Tåleevne for reiselivet i verdsarvområdet

Vestnorsk Fjordlandskap

Eit lokalsamfunnsperspektiv på turismeutvikling i Flåm



Fotograf: Harald M. Valderhaug, Flåm Utvikling AS

Forord

Denne oppgåva tek utgangspunkt i prosjektet ”Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i Vestnorsk Fjordlandskap,” som er eit samarbeid mellom Nærøyfjorden Verdsarvpark, Norges Miljø- og Biovitstkapelige Universitet (NMBU), Transportøkonomisk institutt (TØI) og Regionalt Forskingsfond Vestlandet (RFFVEST). Prosjektet er finansiert av RFFVEST, med Nærøyfjorden verdsarvpark som prosjektansvarleg. Oppgåva er avgrensa til å gjelde lokalsamfunnet Flåm, og har som mål å belyse lokalsamfunnsperspektivet når det gjeld turismen og turismeutvikling i lokalområdet. Eg håpar denne oppgåva slik kan bidra i den vidare jobben med berekraftig reiselivsutvikling i Flåm.

Oppgåva er skreve for NMBU, institutt for naturforvaltning, og markerar slutten på min mastergrad i naturforvaltning her på NMBU. Arbeidet og prosessen med masteroppgåva har vore lærerikt, spanande og morosamt, men og til tider frustrerande og utfordrande. Eg vil takke min hovudrettleiar Førsteamanuensis II Jan Vidar Haukeland for gode innspel og rettleiing. Spesielt fortener han ein takk for at han alltid har hatt tid til ein prat og ikkje minst for god oppmuntring og støtte til å stole på meg sjølv. Eg vil også takke min bi-rettleiar Førsteamanuensis Knut Bjørn Stokke for engasjerande diskusjonar og gode innspel. Takk til alle informantane som villig stilte opp til denne studien og gjorde den mogleg. Prosjektleiar Hanne Lykkja, samt andre eg har vore i kontakt med i arbeidet med å rekruttere informantane, fortener og ein takk. Takk til prosjektet ”Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i Vestnorsk Fjordlandskap” for økonomisk støtte ved feltarbeidet.

Til sist vil eg takke kjærasten min, Oskar, for god hjelp i innspurten, og alle medstudentane mine som har bidrge til fem fine år her på Ås og NMBU. Eg vil også takke familien min, for god støtte og at dei alltid er der for meg.

Norges miljø- og biovitenskapelige universitet
Ås, 12. mai 2016

Marte Turtum

Samandrag

Turisme kan vere ei kjelde til verdiskaping og auka livskvalitet på besøksstaden, men kan òg føre med seg negative konsekvensar. Denne studien tek utgangspunkt i bygda Flåm, som grensar til verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap. UNESCO stiller krav om eit berekraftig reiseliv ved tildeling av denne verdsarvstatusen. Flåm, med sine 366 innbyggjarar, får kvart år omlag 700.000 besökjande. Eg ønskjer med denne oppgåva å kaste ljós over lokalbefolkinga i Flåm sine haldningar til turismen og turismeutviklinga i lokalområdet deira, samt kva som ligg bak desse haldningane. Dette lokalsamfunnsperspektivet er viktig i eit berekraftig reiseliv og kjem i denne studien fram gjennom djupneintervju med eit utval av innbyggjarane i Flåm (8 informantar). Resultata av intervjuet diskuterast i ljós av teori og tidlegare forsking. I denne studien er teori om tilknyting til lokalsamfunnet, resultatet av ei balansering av opplevde fordelar og ulemper (bytteteori), Richard Butlers livssyklusteorি og konseptet med tålegrense for turismen på besøksstaden det teoretiske rammeverket for diskusjonen.

Informantane i denne studien hadde blanda syn på turismen og turismeutviklinga i Flåm. Ei generell haldning var at alle ønskte å ha turisme i Flåm, men det var ueinigheter kring omfanget av tursimen og måten turismen vart forvalta på. Kva gjeld teoriane eg nytta i diskusjonen av kva som ligg bak respondentane sine haldningar, fann eg til ein viss grad støtte i bytteteorien, da den viste seg å vere gjeldande for seks av åtte informantar. Tendensen om at sterkt tilknytte innbyggjarar er meir positive til turisme og turismeutvikling enn svakare tilknytte innbyggjarar, gjorde i denne studien seg gjeldande hjå berre to av åtte informantar. Dei fleste av informantane hadde tankar om eit tak, eller ei tålegrense, for turismen i Flåm. Kvar denne tålegrensa går er det derimot ulike oppfatningar om. Betre tilrettelegging og regulering, og forvaltning generelt, var noko fleire av informantane i denne studien etterlyste når det gjeld dagens situasjon i Flåm. Involvering og grad av medverking i prosessane kring planlegging og forvaltninga er vist å ha stor betydning for kva haldningar lokalbefolkinga har til turismen. Dette er ein forklaringsfaktor som òg verkar å gjere seg gjeldande blant fleire av informantane i denne studien. Med bakgrunn i dette kan det verke som betre prosessar kring medverking er nødvendig ved ivaretaking av omsynet til lokalbefolkinga i Flåm, og som del av eit berekraftig reiseliv.

Nøkkelord: Innbyggjarar si haldning til turisme og turismeutvikling, bytteteori, teori om tilknyting til lokalsamfunnet, livssyklusteorи, tålegrense for turismen, berekraftig reiseliv.

Abstract

Tourism has capacity to improve wealth and quality of life in the host community. On the other hand, it can also cause substantial negative impacts. This thesis is a case study in Flåm, the municipality of Aurland, and deals with tourism and local residents' attitudes. This small village is adjacent to the world heritage site "West Norwegian Fjords." To be granted world heritage status, UNESCO requires travel and tourism to be managed sustainably. The village of Flåm has 366 inhabitants, and receives on average 700.000 visitors each year. My goals has been to shed light on the local population of Flåm and their attitudes in terms of tourism and tourism development in their local community. In addition, I have attempted to elucidate the reasons for these attitudes. The community perspective is important in order to obtain sustainable tourism, and is reflected in this study by interviewing a selection of the residents living in Flåm (eight informants). The results of these interviews are discussed in view of theory and previous research. Community attachment theory, social exchange theory, Richard Butler's lifecycle theory and the concept of carrying capacity is the theoretical framework for this discussion.

The interviewees revealed mixed views on tourism and tourism development in Flåm. On a general basis, the informants maintained a positive attitude towards tourism. On the other hand, there were disagreements regarding the volume of tourism, and how tourism is being managed on the local level. Former research suggests that highly community attached residents tend to view tourism development more favourably than less attached residents. However, this tendency was only observable among six of the eight interview subjects in my study. Most of the informants maintained that there is a carrying capacity for tourism in Flåm. However, the informants also held different opinions about what these limits to tourism growth really are. In terms of the current situation in Flåm, several informants called for better facilitation, and management in general. Residents' involvement and complicity in planning and management processes is suggested to influence their attitudes towards tourism. This assumption was applicable to several informants in Flåm. On this basis, one may conclude that there is a need of better processes as regards residents' involvement and complicity in local planning to ensure the interests of the local population. This is also a prerequisite for sustainable tourism development.

Keywords: Residents' attitudes, social exchange theory, community attachment, lifecycle theory, tourism carrying capacity, sustainable tourism.

Innhaldsliste

1 Innleiing	1
1.1 Oppbygging av oppgåva	3
2 Teori	4
2.1 Korleis påverkar turismen lokalsamfunna på besøksstaden?	4
2.1.1 Økonomiske effektar	4
2.1.2 Sosio-kulturelle effektar	5
2.1.3 Miljømessige effektar	5
2.2 Bytteteorien og teorien om lokalbefolkninga si tilknyting til lokalsamfunnet - og deira rolle i forskinga.....	6
2.2.1 Bytteteorien	7
2.2.2 Tilknyting til lokalsamfunnet	11
2.3 Berekraftig reiseliv.....	13
2.3.1 Definisjon av omgrepet berekraftig reiseliv og kva som ligg i dette	13
2.3.2 Butler sin livssyklusteorি.....	14
2.3.3 Tåleevne.....	17
3 Case – område og problemstillingane	20
3.1 Turistbygda Flåm	21
3.2 Verdsarven Vestnorsk Fjordlandskap	21
3.3 Problemstillingane og målet med studien.....	22
4 Metode	23
4.1 Val av metode – kvifor djupneintervju?.....	23
4.2 Utval og rekryttering av informantar	24
4.3 Presentasjon av informantane	26
4.4 Intervjuguiden.....	27
4.5 Gjennomføringa av intervjeta	27
4.6 Analysen – Transkribering og framstilling av resultata	27
4.7 Andre informasjonskjelder.....	28
4.8 Diskusjon av metodeval og vurdering av dataa sin kvalitet.....	29
4.8.1 Metodeval.....	29
4.8.2 Dataa sin kvalitet	29
5 Resultat.....	32
5.1 Generelle haldningar og tankar om turismen	32
5.1.1 Kva føler lokalbefolkninga at dei får att frå turismen, av både fordeler og ulemper?....	34
5.1.2 Forskjønning og oppgradering av lokalområdet	36
5.1.3 Kven tener på turismen? Om fordeling av godane	40
5.1.4 Forureining og miljøpåverking	42
5.1.5 Interaksjonar mellom turistane og lokalbefolkninga	45
5.1.6 Kulturpåverking	47
5.2 Tilhørighet og stadtjensle	49
5.3 Finnes det eit tak?	51
6 Diskusjon	55
6.1 Kva haldningar har lokalbefolkninga til turismen? Ei oppsummering	55
6.2 Kva ligg bak desse haldningane?.....	55

6.2.1	Balansen mellom fordeler og ulemper - bytteteorien	57
6.2.2	Tilknyting til lokalsamfunnet	58
6.3	Tålegrense for turismen i Flåm	64
7	Konklusjon og implikasjon	67
8	Litteraturliste	69

1 Innleiing

Reiseliv er ei næring i vekst, både i Noreg og elles i verda (Nærings- og Handelsdepartementet 2012, s.16). Vi har betre råd, større kjøpekraft og meir fritid, samstundes som vi er prega av ei auka internasjonalisering, noko som stimulerer til auka reiseaktivitet (Nærings- og Handelsdepartementet 2012, s.16) og eit større omfang av turisme (Butler 1999). Reiseliv er sett på som ein av dei reinaste industriane i verda (Andereck 1995), samt ei kjelde til verdiskaping (Nærings- og Handelsdepartementet 2012). Saman med mange positive effektar for besøksstaden fører turismen og med seg negative effektar, noko ein rekke studiar har dokumentert. Aall et al. (2011) påpeikar og at reiselivet globalt sett bidrar betydelig til klimagassutslepp og til andre miljøpåverkingar, noko som er ei av vår tids største utfordringar. Om ein derimot klarar å gjere reiselivet berekraftig, kan det vere ein del av løysinga på miljøutfordringane vi står ovanfor (Aall et al. 2011). Berekraft er vorte eit vel etablert omgrep etter at Brundtland kommisjonen kom i 1987 (World Commision on Environment and Development 1987), og er i seinare tid og vorte nytta i samband med reiseliv (Butler 1999). Berekraftig utvikling er definert som ei utvikling som sørger for at behova vi har i dag blir dekka, samstundes som generasjonane som kjem etter oss får dei same moglegheitene til å dekke sine behov (World Commision on Environment and Development 1987). I dag omfattar dette omgrepet både eit økologisk, sosialt og økonomisk perspektiv (Aall 2014), noko som og går att kva gjeld ”berenkraftig reiseliv”: Eit berenkraftig reiseliv skal ivareta både natur, kultur og miljø, styrke dei sosiale verdiane på besøksstaden samt vere økonomisk levedyktig (Innovasjon Norge u.å).

I følgje UNESCO World Heritage Centre (2015) er vern og ivaretaking av natur- og kulturarven viktig i samband med ei berenkraftig utvikling, og UNESCO har difor etablert ein konvensjon som skal beskytte eit utval av denne arven (Norges Verdensarv u.å-b). Denne utvalte kultur- og naturarven er av FN sett på som av stor verdi for menneskeheita og det internasjonale samfunnet som heilheit, og det er avgjort at denne verdsarven skal overleverast til komande generasjonar (Norges Verdensarv u.å-a). Arv er av Norges Verdensarv (u.å-a)¹ definert som:

Noko vi overtek etter dei som har levd før oss, og som vi skal leve over til neste generasjon. Kulturarv, så vel som naturarv, er uerstattelige kjelder til kunnskap, glede og

¹ Norges Verdensarv er ein samlande organisasjon, og informerer om verdsarven i Noreg.

inspirasjon for alle menneske og er våre referansepunkt i forhold til kven vi er og kvar vi kjem frå (Norges Verdensarv u.å-a).

I dag har verdsarvlista heile 1031 oppføringar, der vi finn åtte av dei i Noreg (UNESCO World Heritage Centre u.å-b). Med statusen som verdsarv følgjer og eit ansvar om å ta vare på verdiane til arven, med utgangspunkt i prinsippa for berekraftig utvikling (UNESCO World Heritage Centre 2015).

Denne studien tek utgangspunkt i prosjektet “Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i Vestnorsk Fjordlandskap.” Vestnorsk Fjordlandskap, som famnar om både Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet, vart skrivi inn på UNESCO si verdsarvliste i 2005 (Norges Verdensarv u.å-c). Med denne verdsarvstatusen er ein pliktig til å rapportere inn til UNESCO om tilstanden til verdsarven, og vise at ein tek vare på verdiane som ligg i desse områda og forvaltar området på ein berekraftig måte. Desse krava frå UNESCO ligg til grunn for dette prosjektet (Nærøyfjorden Verdsarvpark 2015).

Kvart år kjem store mengder turistar og besøkjer dette verdsarvområdet, og dei små lokalsamfunna Geiranger og Flåm, med om lag 300 innbyggjarar kvar, får kvar kring 700.000² besøkjande kvart år (Nærøyfjorden Verdsarvpark 2015). Nærøyfjorden Verdsarvpark (2015) nemnar effektane frå turismen på lokalsamfunnet som ein av problemstillingane prosjektet skal ta tak i. Protestar i form av rundballrekker med påskrifta ”No cruiseskip” (Storvik et al. 2014) kan vere eit teikn på at tålegrensa for somme er nådd når det gjeld turismen. Samstundes ønskjer kommunen å satse vidare på turismeutvikling (Nærøyfjorden Verdsarvpark 2015). Kva tenkjer eigentleg innbyggjarane om turismen i lokalområdet sitt? Er rundballprotesten representativ for resten av lokalbefolkinga? Dette er spørsmål eg ønskte å sjå nærmare på i denne studien, med ei avgrensing til tettstaden Flåm i Nærøyfjordområdet. Studien vil slik ta tak i det sosiale aspektet ved berekraftig reiseliv, og har som mål å belyse lokalsamfunnsperspektivet når det gjeld turismen og turismeutvikling i lokalområdet.

² Dette er ei grov berekning av talet på besökande i Flåm, gjort lokalt. Per dags dato er det ikkje gjort nokon endelege berekningar innanfor verdsarvprosjektet.

1.1 Oppbygging av oppgåva

Eg vil byrje med å gje ei innføring i kva tidegare studiar har avdekt når det gjeld effektar, av både positive og negative, frå turismen på besøksstaden. Vidare vil eg greie ut om dei den teoretiske ramma for diskusjonen av kva som kan ligge bak haldningane til informantane i denne studien. I siste delen av teorikapittelet definerer eg berekraftig reiseliv, og presenterer rammeverket for diskusjonen av ei fålegrense for turismen i Flåm.

I kapittel tre gjev eg ei skildring av caseområdet, Flåm. Deretter presenterer eg dei to hovudproblemstillingane mine, med underspørsmål. Kapittel fire gjev ei innføring i metoden og framgangsmåten ved innsamling av dataa, og avsluttar med ein diskusjon av dataa sin kvalitet. Resultatet er framstilt i kapittel fem, inndelt i underkapittel i samsvar med problemstillingane. I kapittel seks svarar eg på problemstillingane, med bakgrunn i informasjonen som er framstilt i kapittel fem, sett i ljós av tidlegare studiar og teoriar presentert i kapittel to. Eg avsluttar med ein konklusjon av kva eg har funne, og vidare implikasjonar med utgangspunkt i dette.

2 Teori

Først vil eg gjere greie for kva påverking turismen kan ha på besøksstaden og i lokalsamfunnet, basert på funn frå tidlegare studiar kva angår påverking og konsekvensar frå turismen. Denne oversikta danna utgangspunktet for utforminga av intervjugiden og innsamlinga av dataa. I søken etter ei djupare forståing for kva som ligg bak innbyggjarane sine haldningar til tursimen og turismeutvikling tek eg blant anna utgangspunkt i bytteteorien ("social exchange theory"). I korte trekk dreier denne teorien seg om å sjå på dei lokale si oppfatning av dei positive verknadene av turismen vurdert opp mot dei negative verknadene. Utkomet av denne balanseringa er forventa å spele inn på kva haldning dei lokale har til turismen og utviklinga av den. I tillegg vil eg nytte teori om tilknyting til lokalsamfunnet ("community attachment theory"). Denne teorien tek utgangspunkt i kva tilknyting dei lokale har til lokalsamfunnet sitt, og kva dette har å seie for haldningane deira til turismen.

I den siste delen av dette kapittelet vil eg gjere greie for Butler sin livssyklusteorি, konseptet med berekraftig reiseliv og tåleevna for turisme på besøksstaden.

2.1 Korleis påverkar turismen lokalsamfunna på besøksstaden?

Tidlegare studiar har brukt ulike variablar ved undersøking av korleis turismen påverkar lokalsamfunnet (Deery et al. 2012). I følgje Andereck et al. (2005) deler ein ofte verknadene frå turismen for lokalsamfunnet inn i tre ulike kategoriar; økonomiske effektar, sosio-kulturelle effektar og miljømessige effektar, med tilhøyrande variablar. Eg har teke utgangspunkt i dei nemnte kategoriane i denne studien, og vil nedanfor gje ei oversikt over ulike variablar og påverkingsfaktorar, inndelt etter desse kategoriane, som i tidlegare studiar har vist seg å spele inn på innbyggjarane sine haldningar til turismen på besøksstaden.

2.1.1 Økonomiske effektar

Turismen legg att pengar på staden dei besøkjer, og økonomisk gevinst frå turismen er ofte motivasjonen for turisme og turismeutvikling. Fleire ulike økonomiske effektar av turismen er dokumentert i tidlegare forsking, med nokon av eksemplene lista nedanfor.

Deery et al. (2012) listar "moglegheiter for lokale bedrifter," som ein positiv effekt av turismen, med støtte i studiar gjort av Lee et al. (2003) og McGehee og Andereck (2004). Bakgrunnen for dette er at ved ei auke i besøkande blir det og ei auke i den lokale handelen, og slik auka

moglegheiter for å utvikle lokale bedrifter (Deery et al. 2012). Auke i arbeidsplassar er ein annan positiv effekt av turisme lista i den omtalte studien, blant anna påvist av Diedrich og García-Buades (2009). Meir-inntekter, eller tilleggsinntekter, kan og vere ein økonomisk effekt av turisme (Andereck et al. 2005). Som Deery et al. (2012) summerer opp er skatteinntekter og ein positiv effekt av turismen, men dei nemnar og at på grunn av finansiering av offentlege tenester kan turismen og føre til ei auke i skatteutgiftene. Easterling (2005), etter gjennomgangen av funn frå tidlegare studiar, listar i tillegg opp auka priser, og at det generelt blir dyrare å leve, som negative økonomiske effektar av turismen. Ei oppfatning blant dei lokale om at godane er ujamt fordelelt blir og nemnt som ein negativ effekt, saman med at arbeidsplassane ofte er sesongbaserte (Easterling 2005).

2.1.2 Sosio-kulturelle effektar

Turismen har og påverkingskraft på sosiale- og kulturelle forhold i lokalsamfunnet. Andereck et al. (2005) nemner oppblomstring av tradisjonelt handverk og seremoniar, auka inter-kulturell kommunikasjon og -forståing, og slik kan vi forstå at turismen kan ha ein positiv effekt når det gjeld å ta vare på den lokale kulturen. Auka grad av kriminalitet, samt undergraving av den tradisjonelle kulturen er derimot òg nemnt som negative effektar (Andereck et al. 2005). Kim et al. (2013) nemnar og at tidlegare forsking har påvist tigging, pengespel og narkotikahandel som konsekvensar av turisme.

Perdue et al. (1991) hevdar, i følgje Andereck et al. (2005), at befolkningsauke ofte er ein konsekvens i områder med eit høgt nivå av turisme. I distrikta er dette ein særleg etterlengta effekt (Nærings- og Handelsdepartementet 2012). Ei slik stor tilstrømming av arbeidskraft utan frå, i kombinasjon med därleg planlegging og forvaltninga, kan derimot og føre til tap av lokal identitet hjå innbyggjarane, samt tap av lokal kultur da denne blir utvatna (Rosenow & Pulsipher 1979, i følgje Andereck et el. (2005)).

2.1.3 Miljømessige effektar

Easterling (2005) påpeikar at sjølv om turisme ofte er sett på som ein rein industri, er ikkje dette alltid realiteten. Turisme kan og føre til betydelige miljøøydeleggingar. Andereck et al. (2005) meiner at ein av grunnane til dette er at ved turismeutvikling ligg ofte fokuset meir på å legge til rette for turismen enn kva gjeld omsynet til miljøet. Turisme er og ofte utvikla i sårbare

områder, som tåler mindre bruk (Andereck et al. 2005). Andereck (1995) har lista potensielle miljøkonsekvensar av turisme, blant anna luft- og vassforureining, negativ påverking på naturen og det ville dyrelivet (t.d. avskoging, øydelegging av naturleg habitat samt konsekvens av jakt og fiske), tråkk på vegetasjonen, øydelegging av våtmarker, jordsmon og strender. Av miljøfaktorar som verkar forstyrrende for menneske, nemnar Andereck (1995) støyforureining, øydelegging av geologiske formasjonar på grunn av erosjon, samt hærverk i tillegg til upassande arkitektur. Søppel på offentlege plasser og trafikkrelaterte problem (Brunt & Courtney 1999) er i tidlegare litteratur nemnt som ein potensiell miljøkonsekvens, saman med trengsel (Ap & Crompton 1998). I følgje McCool og Martin (1994) har tidlegare studiar funne positive syn på miljøeffektar frå turisme, som fleire parkar og betre rekreasjonsmoglegheiter for dei som bur i lokalområdet.

Som vi kan sjå av eksemplane lista ovanfor kan turismen føre med seg positive effektar, både i form av personleg vinning og i form av fordelar som gangar heile samfunnet, men turismen kan også føre med seg negative og uønskte effektar. Som Deery et al. (2012) seier, er ei oversikt over verknadene frå turismen eit nødvendig startpunkt for vidare forsking på fenomenet med dei lokale sine haldningar til turismen, men i seg sjølv er ei slik oversikt lite fruktbar. Ei innsikt i kva variablar som har verknad gjev ikkje i seg sjølv forståing for kva som ligg til grunn for haldningane til dei lokale, og gjev slik heller ikkje moglegheit til å endre desse haldningane (Deery et al. 2012). For å prøve å få ei forståing for kva som ligg bak dei lokale sine haldningar til turismen vil eg i denne studien ta utgangspunkt i to teoriar, som tidlegare nemnt, bytteteori og teori om tilknyting til lokalsamfunnet. Desse vil bli presentert nedanfor.

2.2 Bytteteorien og teorien om lokalbefolkinga si tilknyting til lokalsamfunnet – og deira rolle i forskinga

Det finnes mykje litteratur og mange forskingsstudiar om fenomenet som omfattar innbyggjarane sine haldningar til turismen i nærområdet sitt. Den tidlegaste forskinga på temaet kom seinat på 1970-talet (Sharpley 2014), og er i seinare tid kritisert for ei manglande teoretisk ramme (Ap 1992; Deery et al. 2012; Nunkoo et al. 2013; Sharpley 2014). Uttalar at det er nødvendig å utvikle eit teoretisk rammeverk for vidare forsking, for å kunne forklare og forstå funna, og foreslår vidare bytteteorien som ein passande teori. Vidare i artikkelen av Ap (1992) blir det hevdat at ingen av dei tidlegare foreslalte teoriane klarar å omfatte alt fenomenet med dei lokale

si haldning ovanfor påverking frå turisme inneber. Ap meiner at bytteteorien klarar å ta inn kompleksiteten i dette fenomenet, og hevdar derfor at denne teorien vil vere passande. Fordelen ved bytteteorien er, i følgje Ap (1992), at den kan romme forklaring på både negative og positive haldningar, og undersøkjer forhold både på eit individuelt og kollektivt nivå. Sidan publikasjonen av denne artikkelen er ei rekkje studiar vorte gjort med utgangspunkt i bytteteorien, og Andereck et al. (2005) hevda at dette har vore den dominerande teoretiske utgangspunktet for forsking på dette temaet.

Teori om innbyggjarane si tilknyting til lokalsamfunnet har og vorte nytta i samband med undersøkingar av kva som styrer lokalbefolkinga sine haldningar til turisme (Deery et al. 2012). Teori om tilknyting til lokalsamfunnet har vore brukt som rammeverk i fleire tidlegare studiar (for eksempel, Gursoy et al. 2002; Lee 2013; McCool & Martin 1994), og er saman med bytteteorien nemnt av Harrill (2004) som eit av utgangspunkta for å forklare lokalbefolkinga sine haldningar til turisme.

2.2.1 Bytteteorien

I følgje Harrill (2004) involverer bytteteorien handel og utveksling av ressursar mellom individ eller grupper. Denne utveksling er ein føresetnad for å ha turisme, og er i følgje Ap (1992) motivert utifrå eit ønskje om å forbetre dei økonomiske-og sosiale forholda i området. Denne søken etter å tilfredstille behov er ei føresetning for ei utveksling, men kan ofte vere initiert av berre nokon få medlemmar i samfunnet medan andre kan føle at dei får turismen dytta på seg. Ressursane ein utvekslar kan vere konkrete eller symbolske, materiell, sosiale eller psykologiske av natur (Harrill 2004). Ved utvikling av turisme legg ein til grunn at turistane gjev økonomiske utbytte, i byte mot ei sosial- og miljømessig påverking. Med bakgrunn i dette har forskarar innanfor turisme funne denne teorien om sosial utveksling interessant for å forstå haldningane i lokalbefolkinga (Harrill 2004). Andereck et al. (2005) summerer kort opp at ved bruk av bytteteorien går ein ut i frå at haldninga til turismen er styrt av kva oppfatning vedkomne har med tanke på det endelige utkomet av turismen, altså summen av positive konsekvensar i forhold til dei negative. Forklart på ein annan måte tyder dette at dei innbyggjarane vil ha negative haldningar om dei opplev at dei negative konsekvensane er større enn dei positive, og positive haldningar om dei opplev at dei får att meir enn dei gjev. I følgje Ap (1992) er konseptet med gjensidigkeit svært sentralt i bytteteorien saman med prinsippet om rettferd. I omgrepene

gjensidigkeit, brukt i denne samanhengen, ligg det at utkomet av utvekslinga skal vere tilnærma lik. Ressursane som blir veksla skal svare til kvarandre, og skal vere viktige for begge aktørane i utvekslinga (Ap 1992). Lokalbefolkninga søker å få attende noko frå turismen i byte mot noko dei ser på som likeverdig med det dei gav. Ap (1992) forstår denne utvekslinga som ei utveksling mellom lokalbefolkninga og turismeaktørar, der turismeaktørane er både turistar, operatørar og utviklarar. Om normene med gjensidigkeit eller rettferd er krenka, kan konsekvensen vere at ein av partane føler seg utnytta og trekk seg ut av utvekslingsforholdet, i følgje Ap (1992).

Alternativt peikar han på at aktøren som føler seg (eller er) utnytta likevel kan fortsette i utvekslingsforholdet, for eksempel på grunn av avhengigheit av aktøren med større makt. I ein slik situasjon der ein aktør har eit maktovertak på ein annan kan det skapast spenning og konflikt mellom aktørane (Ap 1992). Dette aspektet med maktovertak er òg sentralt i bytteteorien nyttar i turismesamanhang.

Oversikt over tidlegare studiar som nyttar bytteteori

McGehee og Andereck (2004) hevdar det har vore blanda støtte for bytteteorien i turismelitteraturen. Easterling (2005) hevdar derimot at det er ein kjent sak at innbyggjarar som får økonomisk nytt av turismen har og ei meir positiv haldning til turismen, støtta av Deery et al. (2012) som meiner at dei etter gjennomgang av tidegare studiar har tilfredsstillande dokumentasjon for å støtte bruken av bytteteorien som teoretisk ramme i forskinga av haldningar til, og verkingar av, turismen.

I studiar som finn støtte for bytteteorien viser majoriteten av dei at dei som får større inntekter eller andre personlege fordelar frå turismen viser ein tendens for å ha ei meir positiv haldning til turismen og effektane enn andre (Brunt & Courtney 1999; Gursoy et al. 2002; Jurowski et al. 1997; McGehee & Andereck 2004).

McGehee et al. (2002), attgjeve i Harrill (2004), fann og i sin studie av 12 lokalsamfunn i Arizona blant anna ein samanheng mellom personlig vinning og turismeutvikling. Derimot fann dei ingen samanheng mellom personleg vinning og støtte for turismeplanlegging, noko forfattarane meinte ikkje samsvara med bytteteorien, da innbyggjarane med ei eigeninteresse i turismeutviklinga og burde vore opptekne av at planlegginga ikkje medfører restriksjonar på næringa (McGehee et al. 2002, i følgje Harrill 2004). Vidare forklarar McGehee et al. (2002) dette med at innbyggjarane har ei avgrensa tillit til evna samfunnet har når det gjeld å planlegge

for turismen, samt at alle, uavhengig av personleg vinning, meiner at turismeplanlegging er viktig.

Tidlegare kritiske syn på bruken av bytteteorien

Det er vorte gjort ei betydeleg mengde av studiar med denne teorien som rammeverk. Til tross for dette har det, i følgje Sharpley (2014), ikkje ført til ein konsensus om nyttigheita av denne teorien, og det er framleis uklart om forståinga for lokalbefolkninga si haldning til turisme er forbetra. På bakgrunn av dette er Sharpley (2014) kritisk til om bytteteorien er ei god teoretisk tilnærming.

Sharpley (2014) er blant anna kritisk til bruken av bytteteorien på grunn at det i eit lokalsamfunn er ulike grader av interaksjonar, og at utvekslinga mellom lokalbefolkninga og turistane slik vil variere i stor grad. I ein ytterkant har du dei som ikkje er i direkte kontakt eller kommuniserer med turistane, i den andre ytterkanten er dei som driv med kommersiell turismeverksemd og er i regelmessig kontakt med turistar (Sharpley 2014). Ei annan side ved denne kritikken er at i denne kontakta er partane oftast kundar og serviceleverandørar. Dette meiner Sharpley (2014) det er viktig å ta omsyn til, da dei kan måtte undertrykke negative haldningar for å levere god service og skape profitt. Haldningar kan slik ikkje sjåast synonymt med handling, og kva haldningar innbyggjarane har treng difor ikkje påverke opplevinga til turisten og vere utslagsgivande for suksessen til næringa. På bakgrunn av dette kritiserer Sharpley (2014) at hovudtyngda av tidlegare forsking er retta mot kva haldning innbyggjarane har til turismen i lokalområdet sitt, og etterlyser meir forsking kva angår responsen til innbyggjrnæ, eller dei faktiske handlingane deira mot turismen. I følgje Ap (1992) er innbyggjarane i lokalsamfunnet viktige spelarar som kan påverke om turismen i området skal verte ein suksess eller ein fiasko. Sharpley (2014) summerer og opp som ei generell oppfatning i tidlegare studiar at lokalsamfunnet må vere positivt innstilt, og støtte opp om turismen, om den skal lukkast over tid. Sharpley (2014) påpeikar vidare at i dette tilfellet er det responsen eller handlingane til innbyggjarane som er viktige, og ikkje haldningane.

I denne oppgåva har eg likevel valt å fokusere på haldningane, da eg meiner at dette er viktig i seg sjølv. Med fokus på berekraftig reiseliv, blant anna som eit krav frå UENSCO, ligg det i dette at det skal takast omsyn til lokalsamfunnet. Kritikken frå Sharpley (2014), som diskutert ovanfor, er sjølvsagt og eit viktig punkt, men i denne studien er haldningane til innbyggjarane i Flåm viktige utifrå eit berekraftperspektiv.

Andre faktorar som kan spele inn på tilfredsheita til lokalbefolkninga

Det har vore ei overvekt i bruken av bytteteorien, noko som er kritisert da ein slik utelet at andre faktorar òg påverkar kva haldningar innbyggjarane på besøksstaden har til turismen her (Pearce et al. 1996). Faktorar som ikkje direkte omhandlar turismen, men andre aspekt ved innbyggjarane sine sosiale liv, er nemnt for å kunne ha påverking på haldningane deira til turisme (Andereck et al. 2005). Deery et al. (2012) hevdar og at forsking som undersøkjer kva påverking turismen har på livskvaliteten til lokalbefolkninga, berre skrapar i overflata av dette fenomenet. Blant anna meiner dei at ein bør ta i betrakting faktorar som er relevante for innbyggjarane sine liv, som til dømes kva som er avgjerande når menneske vel å leva på ein spesiell stad. Faktorar som blir nemnt er klima, fysisk miljø, arbeidsmoglegheiter, nærliek til familie og vene og tilgjengelegheit og pris på bustad (Deery et al. 2012). Med utgangspunkt i dette meiner Sharpley (2014) at nærværet og verknaden frå turismen kan vere mindre viktig, eller til og med akseptert, når ein tek val om kvar ein skal bu. Deery et al. (2012) nemnar og at tidlegare studiar (ikkje namngjeve) har påvist andre verdiar som har påverking på haldningane, slik som politiske verdiar, samt tilknyting til lokalsamfunnet. Tosun (2002) fann og at graden av samfunnssdeltaking i prosessen med turismeutviklinga spela inn på kva haldningar innbyggjarane har mot turisme. Vidare seier han at personlege observasjonar, bygd på resultantane i denne studien samt samla resultat frå liknande studiar, peikar mot at innbyggjarane si haldning mot turismen på besøksstaden er forma av ulike stadspesifikke forhold, som interaksjonen mellom turistar og innbyggjarane (Tosun 2002). I likskap med Tosun (2002) understreker og Easterling (2005) at innbyggjarane si deltaking i avgjerdene knytt til turismeutvikling spelar inn på kva haldningar dei har til turismen. Det er vist at dess meir involvert innbyggjarane er i denne prosessen, dess meir positive er haldningane deira til samfunnsendring og turismeutvikling (Easterling 2005).

Som det kjem fram over kan ikkje ein teori forklare alle aspekt ved eit fenomen som dette. Fleire av dei alternative variablane, nemnt ovanfor, går inn i teorien om tilknyting til lokalsamfunnet. Eg har difor og valt å ta med denne teorien som rammeverk for å gå djupare inn på kva som kan ligge bak haldningane til innbyggjarane i Flåm kva angår turismen her. Fortsatt er det mange faktorar som kan ha innverknad, men som eg må utelate å gå nærmare inn på i denne studien grunna ei nødvendig avgrensing.

2.2.2 Tilknyting til lokalsamfunnet

Kor sterkt tilknyting innbyggjarane har til samfunnet sitt, samt naturen rundt, kan påverke haldningane dei har til potensiell turisme i området (McCool & Martin 1994; Um & Crompton 1987). Som tidlegare nemnt har McCool og Martin (1994, s.30) definert tilknyting til lokalsamfunnet, som “the extent and pattern of social participation and integration into the community, and sentiment or affect toward the community.”

Um og Crompton (1987) foreslår å måle tilknyting til lokalsamfunnet med variablane levetid i området, fødestad og kulturbakgrunn. I tillegg til levetid i området, brukte og Williams et al. (1995) samfunns- og regionidentitet samt kjensle for lokalsamfunnet som mål for tilknyting til lokalsamfunnet. Harrill og Potts (2003) brukte og involvering i lokalsamfunnet, samt omfanget av vener og slekt i nærleiken, som variablar i tillegg til levetid i området. McCool og Martin (1994) målte tilknyting til lokalsamfunnet med levetid i området og kjensle for lokalsamfunnet (vha. Likert skala og påstandane ”Eg hadde vore veldig trist om eg hadde måttå fløtt frå lokalsamsunnet her” og ”Eg vil heller bu i denne byen eg bur i nå enn nokon som helst annan stad” **s.30**) som variablar. I studien gjort av Jurowski et al. (1997) målast tilknyting som tilfredsheit med lokalsamfunnet som stad å bu, samt vurdering av livskvalitet.

Um og Crompton (1987) fann at dess sterkare tilknytt innbyggjarane var til samfunnet dess mindre positivt oppfatta dei turismen, med unntak av haldningane knytt til miljøkvaliteten som ikkje var signifikant i forhold til tilknytingsgrad. Desse funna skil seg frå kva McCool og Martin (1994) fann i sin studie, der dei sterkt tilknytte respondentar såg på turismen som meir positiv enn respondentar med svakare tilknyting. Dei med sterkt tilknyting var likevel meir uroa for at fordelinga av kostnadene av turismeutviklinga var rettferdig (McCool & Martin 1994). Vidare foreslår dei at lang levetid i området ikkje er synonymt med sterkt tilknyting, da ”nykommarar” som bevisst har valt å busette seg i området raskt kan få ei sterkt tilknyting til området. Studien viste at ”nykommarar” og vart kategorisert som sterkt tilknytte, og McCool og Martin (1994) foreslår at nykommarar kan vere meir positive til turismen sidan dei truleg kom hit for fyrste gong som turistar sjølve. McCool og Martin (1994) hevdar og at nykommarar og langtidsbuande har ulike referanserammer ved responsen på måla for grad av tilknyting. Til dømes kan det hende

at ein sterkt tilknytt nykommar tek utgangspunkt i det lokale fysiske miljøet, medan ein langtidsbuande, sterkt tilknytt innbyggjar legg vekt på mellommenneskelege relasjonar ved responsen på dei same måla (McCool & Martin 1994).

Williams et al. (1995) fann i likskap med McCool og Martin (1994) at innbyggjarar karakterisert som sterkt tilknytt, målt som regional identitet, var meir positive til utvikling av turismen enn dei med svakare tilknyting.

I studien gjort av Jurowski et al. (1997) kjem det fram at sterkt tilknytte innbyggjarar vurderer dei sosiale og økonomiske verknadene av turismen som positive, men miljøeffektane som negative. Dei sterkt tilknytte innbyggjarane gav likevel opp eit positivt utkom etter balansen av fordeler og ulemper (Jurowski et al. 1997). Harrill og Potts (2003), attgjeve i (Harrill 2004), fann at i det historiske distriktet Charleston hadde innbyggjarane negative haldningars til turismeutvikling. Bak desse haldningane låg ei oppfatning om at skatt og avgifter, betalt av innbyggjarane, og spesielt da eigedomsskatten, blir brukt til å finansiere utviklinga av turismen (Harrill & Potts 2003).

Kort samanfatta nemnar Harrill (2004) at variablar brukt i tidlegare forsking på dette feltet er levetid i området, involveringsgrad i samfunnet samt kjensla av tilhørsle i lokalsamfunnet og nærmiljøet. Som eksemplane ovanfor viser, har gjennomgang av denne forskinga vist at ein del av funna er motstridande, noko Gursoy et al. (2002) og påpeikar. Harrill (2004) meiner likevel, med nokon unntak, at tidlegare forsking på dette fenomenet tyder på at innbyggjarar som er sterkt knytt til lokalsamfunnet har ein tendens til å sjå på turismeutvikling som meir gunstig enn mindre tilknytte innbyggjarar. Denne oppsummeringa får og støtte av Gursoy et al. (2002).

Gursoy et al. (2002) hevdar at dette kan forklarast ved at sterkt tilknytte innbyggjarar har eit større ønskje om å forbetra den økonomiske posisjonen til lokalsamfunnet enn kva svakare tilknytte innbyggjarar har. Dette kan sjåast i samanheng med studien gjort av Jurowski et al. (1997). Som tidlegare nemnt vurderte sterkt tilknytte innbyggjarar i denne studien dei sosiale og økonomiske verknadene av turismen som positive, men miljøeffektane som negative. Med utgangspunkt i desse to sistnemnte studiane kan resultata tolkast dit hen at sterkt tilknytte innbyggjarar kanskje har ei større ansvarskjensle for lokalsamfunnet enn svakare tilknytte innbyggjarar.

2.3 Berekraftig reiseliv

I samband med måla for lokalsamfunnsutviklinga i Flåm og krava frå UNESCO er prinsippa med berekraft svært sentrale (Nærøyfjorden Verdsarvpark 2015), og eit gjennomgåande tema i denne oppgåva. Eg vil i denne delen av teorikapittelet difor gå nærare inn på kva eit berekraftig reiseliv er og kva som ligg i dette konseptet, samt presentere Butler sin livssyklusteorি for utvikling av ein turistdestinasjon og konseptet med fåleevne. Dette vil vere den teoretiske ramma for den seinare diskusjonen av informantane si oppfatning om ei fåleevn for turismen i Flåm.

2.3.1 Definisjon av omgrepet berekraftig reiseliv og kva som ligg i dette

Berekraftig reiseliv har sitt utspring frå omgrepet ”berekraftig utvikling” (Butler 1999), som er kjent frå rapporten ”Vår felles framtid” (World Commission on Environment and Development 1987). I denne rapporten blir berekraftig utvikling definert som ”utvikling som imøtekjem både dagens- og framtidige menneske sine behov (World Commission on Environment and Development 1987, s.43)”. Denne definisjonen har utvikla seg frå berre å omfatte miljøperspektivet, til òg å ta inn både eit økonomisk og sosialt perspektiv (Aall 2014). Det engelsk ordet for berekraft, ”sustainability,” kjem frå ordet ”sustain” (Butler 1999) som tyder å oppretthalde, og i følgje Butler (1999) er den riktige definisjonen av berekraftig reiseliv difor ”ein form for turisme som kan oppretthaldast i eit område i all framtid (s.11).” Berekraftig reiseliv har vorte kritisert for nettopp denne, i motsetning til berekraftig utvikling, singelsektorielle tilnærminga (Butler 1999) med fokus på å oppretthalde eigen aktivitet. Vidare i gjennomgangen av tidlegare studiar hevdar derimot Butler (1999) at den mest brukte definisjonen av berekraftig reiseliv og innehar eit ansvar for korleis turismen påverkar miljøet og samfunnet den verkar i. Dette kan vi blant anna sjå av Kamfjord (2011) sin definisjon:

Et bærekraftig reiseliv strekker seg lengre enn til kortsiktige prioriteringer. Et bærekraftig reiseliv fokuserer ikke bare på fordelene for de reisende, men reiselivets innvirkning på stedene som besøkes, og for verdiene i natur, kultur og lokalsamfunn. Bærekraft i reiselivet knyttes til ansvarlighet, kvalitet og langsiktighet. (...) (Kamfjord 2011, s 301).

Innovasjon Norge (u.å) har konkretisert denne definisjonen av berekraftig reiseliv med 10 prinsipp, inndelt i tre kategoriar som eg her vil summere kort opp. Under kategorien ”Bevaring av natur, kultur og miljø” ligg det blant anna at ein skal ta vare på og ikkje minst framheve den historiske kulturarven, tradisjonar og sær preg til lokalsamfunnet. Den fysiske og visuelle integriteten til landskapet skal ikkje degraderast, og ein skal verne om biologisk mangfald og naturområdar. Under kategorien ”Styrking av sosiale verdiar” heiter det seg at livskvaliteten i lokalsamfunnet skal takast vare på samt styrkast gjennom reiselivet, og ein kvar form for sosial degradering og utnytting skal unngåast. Lokal kontroll og engasjement, med tanke på planlegging, ta avgjerder og lokal utvikling av reiselivt, er og viktige stikkord her under. I kategorien ”Økonomisk levedyktighet” understrekast prinsippet med å sikre konkurranse- og levedyktige reiselivsbedrifter i eit langsigkt perspektiv, og det blir påpeika at dette bør skje gjennom å maksimere den lokale verdiskapinga (Innovasjon Norge u.å).

Trass i at det er denne sist omtalte definisjonen av berekraftig reiseliv som gjeld, har Aall (2014) kritisert bruken av omgrepet berekraftig reiseliv som ein marknadsføringsstrategi, og klandrar EU og norske politikarar for at målet med berekraftig reiseliv snarare resulterer i å oppretthalde reiselivet enn å gjere det meir berekraftig, akkurat som, tidlegare vist, Butler (1999) og har påpeikt.

2.3.2 Butler sin livssyklusteori


Butler sin livssyklusteori har tidlegare vorte brukt i forskinga på fenomenet med lokalbefolkinga sine haldninga til turismen i lokalsamfunnet sitt, saman med Doxey sin ”Irritation index” som og tek utgangspunkt i ulike stadium i utviklinga av turistdestinasjonen, men har seinare vorte kritisert da ein ved desse teoriane legg til grunn ein homogenitet i samfunnet (Deery et al. 2012; Sharpley 2014). Som nemnt ovanfor vil eg i denne studien nytte livssyklusteorien, sammen med prinsippa om berekraftig reiseliv, i diskusjonen av fåleevna og berekraftperspektivet kva angår turismen i Flåm.

Butler sin livssyklusteori foreslår at turismen og destinasjonen utviklar seg gjennom ulike stadium over tid (Easterling 2005). Utviklingsmønsteret er her det same som livssyklusen til eit produkt, og det er dette konseptet som ligg til grunn for Butler sin teori (Butler 1980). Utviklinga

vil i følgje Butler (1980) fyrst føre til ein auka popularitet, før den fell og talet på besøkande minskar når tåleevna ("carrying capacity") er nådd. Med ei innsikt i utviklinga av turistdestinasjonen kan ein få ei betre forståing av situasjonar som oppstår på staden, samt unngå å koma til uønskte stadium.

Kort fortalt vil besøkande i starten koma til turiststaden i avgrensa tal, grunna därleg tilgang, fasilitetar og lokalkunnskap. Etterkvart som ein legg til rette for besøkande og merksemda kring staden aukar vil talet på besøkande stige (Butler 1980). I følgje Butler (1980) vil populariteten og besøkstalet raskt auke med marknadsføring og informasjonsformidling, og fleir og betre fasilitetar. Staden vil bli meir og meir kommersialisert, og etterkvart vil større selskap ta over for dei små, lokalinitierte bedriftene. Vidare hevdar han at talet på besøkande derimot til slutt vil falle, etterkvart som tåleevna er nådd. **Figur 1** illustrerer denne livssyklusen og dei ulike stadia. Tåleevna kan identifiserast gjennom miljøfaktorar (til dømes knappheit på land, vannkvalitet og luftkvalitet), fysiske anlegg (t.d. transport, overnatting eller annan service) eller som sosiale faktorar (t.d. trengsel eller harme hjå lokalbefolkinga) (Butler 1980). Plog (2001) meiner at det er lett å øydeleggje for seg sjølv ved suksess og vidare utvikling av ein destinasjon. Etterkvart som staden blir meir kommersialisert, mistar den og kvalitetane som opphavleg trakk til seg turistar (Plog 2001), noko som blir omtala som eit paradoks i turismeutviklinga.

A TOURISM AREA CYCLE OF EVOLUTION



Figur 1: Illustrerer livssyklussen og dei ulike stadia som Butler (1980) foreslår at turiststader er innom i løpet av utviklinga. Figuren er henta frå Butler (1980, s.7).

Plog (2001) har funne at destinasjonen appellerer til ulike typar besøkande på kvart stadium. Det byrjar med nokre få besøkande som ønskjer å oppdage nye, urørte stader utan tilrettelegging for turistar. I den andre enden av skalaen finn vi dei som tiltrekka destinasjonar som er godt utvikla. Plog (2001) karakteriserer dei som pålitelege, som likar at ting er planlagt, er redde for å ta risiko og oftast reiser til stader dei kjenner. Han hevdar og at dei brukar mindre pengar på destinasjonen. I følgje Plog (2001) finns dei fleste ein stad i mellom her, nærmare det eine eller det andre ytterpunktet. Denne forståinga som Plog (2001) framstiller kan sjåast i samanheng med Butler sin livssyklusteorি (Butler 1980).

Som nemnt ovanfor, og som **Figur 1** viser, vil suksessen og veksten til destinasjonen stagnere etterkvert som tåleevna er nådd. Stagneringsstadiet (**Figur 1**) kan i følgje Butler (1980) kjenneteiknast ved at talet på besökande har nådd ein topp, eller har bikka over igjen, og tåleevna for fleire variablar er nådd. Dette resulterer i miljømessige-, sosiale- og/eller økonomiske problem. Sjølv om området har eit vel etablert rykte vil det ikkje lengre vere moderne. Etterkvert vil det bli overskot på overnattingsplassar og det vil krevjast ein stor innsats for å oppretthalde talet på besökande, og naturlege og genuine kulturattraksjonar vil truleg vere bytt burt mot importerte suvenirar (Butler 1980). Stadiet med nedgang (**Figur 1**) inneber at området ikkje lengre vil klare å konkurrere med andre nyare attraksjonar. Vidare hevdar Butler (1980) at området kan få ei auke når det gjeld dagsbesök og helgeturar, om det ligg lett tilgjengeleg for store mengder menneske, men feriebruken vil minke. Etterkvert som det kjem færre besökande til området, vil og tilboden av attraksjonar og andre fasilitetar bli därlegare. Alternativt kan destinasjonen oppleve ei fornying (**Figur 1**). Dette føreset derimot ei fullstendig endring i attraksjonane som turismen er basert på. I følgje Butler (1980) kan ikkje nedgangen fortsette over for lang tid før ein set i gang tiltak, da dette kan føre til at staden allereie har mista attraktiviteten sin, sjølv om problemet er løyst. Eit alternativ for å nå målet om å oppleve ei fornying er å skape ein ny attraksjon, av Butler (1980) illustrert med Atlantic City og spillkasinoa dei etablerte. Ei anna moglegheit for å skape ei fornøy interesse for destinasjonen, er ved å utnytte dei attverande naturressursane. Butler (1980) eksemplifiserer her med områder som før har vore sumarstader, men som har opplevd ei fornying ved å vende seg mot vintersport og slik få ein heilårsturisme.

I følgje Butler (1980) kan ein derimot, til sjuande og sist, forvente at konkurranseevna vil falle trass i fornying av destinasjonen. Det er berre i heilt unike situasjonar og områder at ein vil klare å oppretthalde attraktiviteten i all framtid (Butler 1980).

2.3.3 Tåleevne

Det er ein kjent sak at turismen påverkar besøksstaden, som vist tidlegare, men omfanget og retninga av desse endringane, altså om endringane er negative eller positive, avheng av kvar tåleevne ligg når det gjeld volumet av turistaktivitet på destinasjonane (Saveriades 2000).

Tåleevna er i følgje Saveriades (2000) toleransenivået for turismeutvikling og bruk på den bestemte destinasjonen. Butler (1996) meiner at tåleevna er ein av dei sentrale konsepta ved

forvaltning av ein turistdestinasjon. Om ein overstig toleransenivået for turistaktivitet, altså dåleevna til destinasjonen, kan det resultere i ei degradering av lokale sosio-kulturelle verdiar, samt føre til ei dårlegare oppleveling for dei besøkande (Saveriades 2000). Saveriades (2000) hevdar at dåleevna til ein destinasjon kan bestem mast utifrå to faktorar. Dette er evna lokalsamfunnet har til å forstå når turismeutviklinga må avgrensast så den ikkje fører til negative verknader for lokalsamfunnet, samt kva nivå turismeutviklinga kan nå før talet på besøkande vil falle grunna redusert attraktivitet (Saveriades 2000). Dette forslaget får støtte frå Allen et al. (1988), som foreslår å bestemme dåleevna ved å måle turistane sin tilfredshet, eller alternativt undersøkje oppfatningane og haldningane til innbyggjarane på besøksstaden.

Utifrå Butler si kurve (*Figur 1*) vil dåleevna vere ein stad mellom dei to prikka horisontale linjene, det området merka ”Critical range of elements of capacity.” Butler (1996) meiner at konseptet med ei dåleevne for besøksstaden har vore retta lite merksemd, noko Kobro et al. (2013) og viser at er tilfelle i Norske kommunar. Utan ei slik tilnærming ved utvikling av ein destinasjon vil besøksprofilen endrast mot dei som er mest tolerante for ein høg grad av bruk (Butler 1996), jamfør Plog (2001) sin teori om at ulike utviklingsstadium tiltrekker seg ulike besøkande. Butler (1996) argumenterer vidare for at ein bør identifisere maks tal av besøkande, og nytte konseptet med dåleevna i forvaltninga av ein turistdestinasjon.

Forvaltninga av besøksstaden – kven har ansvaret?

Som vi har sett kan ei overstiging av dåleevna for turismen på besøksstaden føre til negative verknader for lokalsamfunnet og dei som bur der, blant anna tap av inntekt og arbeidsplassar grunna eit fall i attraktiviteten og nedgang i besøkande. Ei identifisering av dåleevna kan vere eit godt og effektivt verktøy i forvaltninga og utviklinga av ein destinasjon for å unngå ein slik kollaps (Ap 1992), med eit påfølgande arbeid for å unngå å koma dit. Negative haldningar og svak oppslutning kring turismen kan vere både eit symptom på at dåleevna er nåd, men også ein av grunnane til ein fallande attraktivitet for dei besøkande da oppslutning frå lokalbefolkinga kring turismen er rekna som avgjerande for suksessen for næringa (Ap 1992). Som Easterling (2005) og Tosun (2002) påpeikar er involvering av lokalbefolkinga ved planlegging og turismeutvikling på besøksstaden avgjerande for om dei har ei positiv eller negativ innstilling til turismen. Kaae (1999) fann i sin doktorgrad at involvering i planlegging av turisme vart viktigare dess høgare intensiteten av turisme var på besøksstaden. Dette tyder på at etterkvart som ein


destinasjon utviklar seg blir innbyggjarane meir merksame og interesserte i turismeplanlegginga, men utan at dette fører med seg ei endring i moglegheitene dei har for å påverke utviklinga (Kaae 1999).

I Noreg er det kommunen som har det lokale ansvaret for utvikling og planlegging av lokalsamfunnet (Plan- og bygningsloven § 3-3.), og med dette følgjer det at dei skal leggje til rette for brei medverking i planprosessane (Plan- og bygningsloven § 5-1.). Dette tyder at kommunen faktisk er lovpålagt å sikre involvering frå innbyggjarane på besøksstaden ved eventuell turismeutvikling. Korleis denne prosessen skal vere seier derimot Plan- og bygningsloven (2008) ingenting om, og det er slik opp til kvar enkelt kommune å avgjere korleis ein vil leggje til rette for medverking. Kor god denne prosessen er kan difor vere svært varierande, og effekten og der etter.

Om kommunen klarer å leggje til rette for ein god prosess med brei medverking får for det første forvaltninga ei innsikt i kvar innbyggjarane tenkjer at tålegrensa for turismen ligg, og kan ta omsyn til ønskjer om tiltak, tilrettelegging og avgrensing. Samstundes kan lokalbefolkinga få ei betre forståing for turismen, samt eit større eigarskap til utviklinga, som igjen kan føre til at dei blir meir positivt innstilt til turismen. I somme tilfelle kan berre det å bli inkludert i prosessen, det å bli sett og høyrt, ha ein positiv verknad på innstillinga til planen og utviklinga. Støtte til refleksjonen ovanfor finn eg hjå Falleth og Hanssen (2012).

3 Case – område og problemstillingane

Flåm er ei lita bygd i Aurland kommune, i Sogn og Fjordane Fylke (Sjå **Figur 2**). I Aurland kommune bur det om lag 1720 innbyggjarar (Aurland kommune 2015), der 366 av dei bur i bygda Flåm (Statistisk sentralbyrå 2016). Flåm ligg inneklemt mellom høge fjell, innerst i Aurlandsfjorden (Sjå **Figur 2**), med busetting oppover Flåmsdalen og ned til fjorden (Sjå **Figur 3** for detaljert kart). Landbruk, kraftbransjen og reiseliv er sentrale næringar i kommunen (Aurland kommune 2015).



Figur 2: Den røde prikken på kartet viser Flåm, som ligg i Aurland kommune i Sogn og Fjordane (Kjelde: google map).



Figur 3: Kartutsnitt av bygda Flåm, inneklemt mellom høge fjell (Kjelde: naturbase.no).

3.1 Turistbygda Flåm

Alt i 1879 kan ein snakka om organisert turistdrift i Flåm, da eit hotell vart bygd for sportsfiskarar og andre sumargjestar i Flåm. Det var likevel ikkje før kring 1950 at ein kan tala om turisme av noko omfang, og Flåmsbana hadde no 100.000 reisande (Indrelid 2003).

Bygginga av Flåmsbana byrja i 1923 (Indrelid 2003), og seinare har dette vorte ein av dei store attraksjonane i Flåm og eit trekkplaster for turistar. På Visit Flåm (2016) sine heimesider marknadsfører dei Flåmsbana som ein av verdas vakraste togreiser. Cruise-turisme har dei seinare åra auka, og i 1999 opna ei ny djupvasskai i Flåm (Indrelid 2003). I følgje Aurland Hamn (2016b) skal det i 2016 vere 166 skipsanløp i Flåm, noko som er ei auke frå året før, da det kom 129 skip inn til Flåm (Aurland Hamn 2016a). Flåm er slik ei av dei største cruisehamnene i landet, og i 2013 var talet på dagsbesøk med cruiseskip nær 250 000 (Innovasjon Norge 2013, s. 40). I tillegg kjem det årleg øg store mengder turistar med sykkel ned Rallarvegen, som er den gamle transport- og anleggsvegen i samband med Bergensbana, saman med store mengder buss- og bilturistar. Med om lag 700.000 tilreisande til Flåm årleg, er talet på besøkande i Flåm slik svært høgt i forhold til talet på innbyggjarar.

Flåm er i dag ein velutvikla destinasjon, der Flåmsbana framleis er ein av dei store attraksjonane. I dag er det fleire hotell og pensjonat, samt ein campingplass, som tilbyr overnatting i Flåm, og det finns eit stort utval aktørar som tilbyr ulike reiselivsprodukt. Den største aktøren i Flåm er nok likevel Flåm utvikling, som både eig og driv Flåmsbana og Flåm Cruisehamn (Nærøyfjorden Verdsarvpark et al. 2015). Flåm utvikling er eigd av Aurland ressursutvikling AS, som er eit aksjeselskap der kommunen eig brorparten av aksjane (Aurland kommune 2013).

3.2 Verdsarven Vestnorsk Fjordlandskap

Vestnorsk fjordlandskap vart skreve inn på UNESCO si verdsarvliste i 2005, med delområda Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet (UNESCO World Heritage Centre u.å-a) (Sjå **Vedlegg 1** for kart). Caseområdet Flåm er knytt til Nærøyfjorden, som er ein sidearm av Aurlandsfjorden. Nærøyfjordområdet strekkjer seg inn i både Sogn og Fjordane- og Hordaland fylke, med Aurland, Vik, Voss og Lærdal kommunar (UNESCO World Heritage Centre u.å-a) (sjå **Vedlegg 2** for kart), med blant anna Flåm som ein populær besøksstad og eit naturleg utgangspunkt i samband med å vitja verdsarven.

Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er blant dei lengste og djupaste fjordane i verda, og vert sett på som dei framifrå vakraste fjordlandskapa i verda. Dei er og rekna for å vere klassiske døme på fjordlandskap og typelokalitetar for fjordar med aktive geologiske prosessar intakt (UNESCO World Heritage Centre u.å-a). Saman med desse kvalitetane er lite menneskeleg påverking på området òg grunnlaget for tildeling av verdsarvstatusen for Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet (Norges Verdensarv u.å-c).

3.3 Problemstillingane og målet med studien

Med utgangspunkt i prosjektet ”Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i Vestnorsk Fjordlandskap,” og måla dei nemner om ei berekraftig reiselivsutvikling, ønskjer eg med denne studien som sagt å fokusere på lokalsamfunnsperspektivet i turismeutviklinga i den vesle bygda Flåm. Dette målet er operasjonalisert gjennom problemstillingane nedanfor, som er eit resultat av teori og tidlegare forsking kring fenomenet presentert tidlegare i oppgåva. Gjennom djupneintervju ønskjer eg å løfte fram tankar og meningar hjå eit utval av innbyggjarane i Flåm kva gjeld turismen i lokalområdet deira, både når det gjeld dagens situasjon (Spørsmål 1) og utviklinga framover (Spørsmål 2). Ved hjelp av ulike teoriar og tidlegare forsking på dette fenomenet ønskjer eg òg å prøve å få ei djupare forståing for kva som ligg bak desse haldningane (Spørsmåla 1a og 1b).

Problemstillingane:

1. Kva haldningar har lokalbefolkinga i Flåm til turismen her, og kva ligg bak desse haldningane?
 - a. Kva føler dei at dei får att frå turismen, av både fordelar og ulemper? Korleis er denne balansen, og har den noko å seie for kva haldningar dei har?
 - b. Kor tilknytt er innbyggjarane i Flåm til lokalsamfunnet sitt og området i kring? Spelar dette inn på kva haldningar dei har til turismen?
2. Kva meiner informantane om ei fålegrensa for turismen i Flåm?

4 Metode

I denne oppgåva har eg valt å nytte kvalitativ metode, og djupneintervju ved innsamling av data. Nedanfor vil eg grunngje dette valet, før eg går djupare inn på korleis eg har gjennomført denne innsamlinga og arbeidd vidare med dataa etterpå.

4.1 Val av metode – kvifor djupneintervju?

Innanfor kvalitativ metode skil ein mellom to ulike teknikkar for å samle inn data; gjennom observasjon eller ved intervju (Johannessen et al. 2004 s. 104). I denne studien nytta eg semistrukturerte intervju, også kalla delvis strukturerte intervju eller djupneintervju, karakteriserast av Kvale og Brinkmann (2009) som ei samtale der intervjuaren stillar spørsmål og informanten svarar og fortel om si livsverd. Slike intervju er basert på ein intervjuguide, det vil seie ei liste over tema og generelle spørsmål som ein ønskjer å gjennomgå i løpet av intervjuet (Johannessen et al. 2004 s. 147). Semistrukturerte intervju, eller djupneintervju, skil seg frå *strukturerte intervju* der både tema og spørsmål, og rekkefølgja på dei, er fastlagt på førehand (Johannessen et al. 2004 s. 145).

Djupneintervju er vanlege å bruke om ein vil studere meininger, erfaringar og haldningar (Tjora 2010). Som Kvale og Brinkmann (2009 s. 21) seier, søker det kvalitative forskingsintervjuet å ”forstå verden sett frå intervjupersonene si side.” Problemstillinga i denne studien tilseier difor at djupneintervju vil vere det mest hensiktsmessige å bruke, då eg ønskjer å få innsikt i korleis lokalbefolkinga i Flåm ser på turismen i lokalområdet sitt. Eit tema som dette er prega av nyansar og kompleksitet, og ved å nytte djupneintervju som metode får ein dette godt fram (Johannessen et al. 2004 s. 145). Samstundes spelar faktorar som kor mykje kunnskap ein har om fenomenet frå før og inn ved valet av kva forskingsmetode ein skal bruke (Tjora 2010). Sharpley (2014) og Deery et al. (2012) er kritiske til at hovuddelen av tidlegare forsking gjort på dette temaet er kvantitativ, og hevdar at det er behov for ei djupare forståing innan dette feltet. Som Tjora (2010) hevdar er djupneintervju godt egna når kunnskap om fenomenet er manglande, og ei tilnærming Sharpley (2014) etterlyste i forskinga på dette temaet. Eg har på grunn av dei faktorane eg har nemnt ovanfor valt å nytte djupneintervju som metode, og denne studien kan sjåast som ein forstudie og eit utgangspunkt for vidare kvantitative undersøkingar om innbyggjarane si haldning til turisme i Flåm.

4.2 Utval og rekruttering av informantar

I denne studien ønskte eg å rekruttere representantar frå den ”generelle befolkninga” i Flåm, både turismeaktørar og dei som ikkje er direkte knytt til turismenæringa. Dette for å ikkje få eit einsidig utval. Det var lettare å finne dei som var turismeaktørar, då dei har heimesider med kontaktinformasjon, og generelt er meir synlege ved sok på internett. For å rekruttere andre leita eg derfor blant representantar for lag og foreiningar, som leiarar av musikklag, idrettslag og personar innan kultur. Eg fann blant anna ei oversikt over lag og foreiningar på Aurland kommune si heimeside, og kontakta leiarane i laga eller foreiningane i Flåm og som hadde bustadadresse Flåm (19. Januar). Dette eg gjorde eg da eg går utifrå at personar som er aktive i samfunnslivet engasjerer seg for lokalsamfunnet, og har kunnskap og meininger om det eg ønskte å undersøkje. Ein av dei eg kontakta viste seg å ikkje vere innanfor målgruppa mi, altså ikkje innbyggjar i Flåm, men gav meg tips og kontaktinformasjon til andre aktuelle personar eg kunne kontakte. Ein informant fann eg da eg las gamle avisinnlegg der temaet tidlegare hadde vore diskutert, og han hadde uttrykt seg med fullt namn.

Eg forhøyerte meg og med kontaktpersonen for Aurland Bondelag om tips til informantar, og fekk fleire aktuelle namn. Eg kontakta og andre personar eg veit har kjennskap til området, som prosjektleiar Hanne Lykkja. Eg fekk direkte tips om aktuelle informantar, samstundes som eg vart sett i kontakt med andre som kunne ha gode forslag til aktuelle informantar, blant anna Morten Clemetsen (Professor ved NMBU, med god lokalkjennskap til Flåm) og tidlegare leiar i småbrukarlaget i Aurland. Eg kontakta desse, og fekk ytterlegare tips om fleire aktuelle informantar. Denne metoden blir kalla snøballmetoden (Johannessen et al. 2004 s. 113).

I tipsa eg fekk, samt dei namna eg sjølv fann fram til, var det namn som gjekk att fleire gonger. Dette tok eg som eit teikn på at dette var viktige personar i lokalsamfunnet, og av stor betyding å intervju. Eg laga ei liste i prioritert rekkefølgje, og kontakta deretter dei 9 første på denne lista. E-post vart sendt til dei eg hadde funne e-postadressa til, og dei resterande vart kontakta per brev.

Sjølv om eg la ned ein innsats for å få eit brent utval med personar både frå reiselivsnæringa og andre, viste det seg at mange av dei likevel hadde noko med turismenæringa å gjere. Eg opplevde det som ganske vanleg at til dømes gardbrukarar hadde turisme som ei attåtnæring. Det er derfor berre to av informantane i utvalet mitt som ikkje er knytt til turismen med næring, og ein av

desse er no pensjonist. Av dei informantane som var direkte tilknytt turismenæringa, dreiv tre innanfor småskala turisme og tre innanfor storskala turisme, ein av desse var no pensjonist men framleis aktiv i familiebedrifa. Ei oversikt over alle intervupersonane finnes i **Tabell 1**.

4.3 Presentasjon av informantane

Tabell 1: Presentasjon av informantane

Intervju- personar (IP)	Yrke/ evnt. næring	Alder	Kjønn	Butid i området/ tilknyting	Evnt. øvrig rolle i samfunnet
IP-1	Kjøttforedling. Sjølystendig næringsdrivande, har ein link inn til turismenæringa.	f.1970	Mann	Budd her sidan var 6 år. Forelder frå området, og slektshistorie knytt til området.	Ingen
IP-2	Pensjonist, tidlegare driver av reiselivsbedrift og framleis aktiv i familiebedrifa. (Masseturisme)	f. 1949	Kvinne	Vokse opp i Flåm. Forelder frå området, slektshistorie knytt til området.	Kontaktperson for ei lokal foreining
IP-3	Dagleg leiar i turismebedrift. (Masseturisme).	f. 1972	Kvinne	Innflyttar, kom i 2001.	Ingen spesiell
IP-4	Bonde. Sonen har no teke over. Småskala reiseliv.	f.1951	Kvinne	Innflyttar, kom i 1975	Ingen
IP-5	Tidlegare bonde, no pensjonist. Småskala turisme.	f. 1960	Mann	Vokse opp her. Slektshistorie knytt til området.	Aktiv med ulike verv
IP-6	Administrerande direktør. Storskala reiseliv/ masseturisme.	f.1961	Kvinne	Innflyttar	Ingen
IP-7	Pensjonist. (tidlegare vore innom det meste...)	f. 1939	Mann	Vokse opp her.	Aktiv i div. foreiningar
IP-8	Pendlar	f. 1968	Mann	Vokse opp her og budd her heile livet.	Aktiv med ulike verv

4.4 Intervjuguiden

Med utgangspunkt i litteraturen og tidlegare forsking på området, inkludert det valte teoretiske rammeverket, vart intervjuguiden utforma (Sjå *Vedlegg 3*). Ved hjelp av funn frå tidlegare studiar kom eg fram til eit utval variablar som kan ha betyding for innbyggjarane si haldning til turisme i lokalområdet deira, og utarbeida spørsmål utifrå desse variablane. Variablane eg nyttar kan delast inn i tre kategoriar; økonomiske-, miljømessige- og sosio-kulturelle konsekvensar, som vist i teorikapittelet.

4.5 Gjennomføringa av intervjua

Intervjua vart gjennomført i Flåm, ansikt til ansikt med informantane, i tidsrommet mellom 1. og 4. februar 2016. Seks av intervjuet vart gjort heime hjå intervjugersonane, eit vart gjort på ein kafé og eit intervju på eit tilgjengeleg rom på pensjonatet der eg budde. Intervjuet tok utgangspunkt i intervjuguiden eg hadde utarbeida på førehand, og vara kring 40 minutt til ein- og ein halv time. Som eg ønska og forventa føregjekk intervjuet stort sett som ein samtale, og rekkefølgja på spørsmåla vart difor og ulik frå intervjuguiden. Fleire av spørsmåla i intervjuguiden vart svara på utan at eg spurte dei direkte.

4.6 Analysen – Transkribering og framstilling av resultata

Transkriberinga har eg gjort ved hjelp av eit program kalla F5 Transcription. Eg har transkribert alle intervjuet ganske nøyaktig, men valte å utelate informasjon og prat som klart var utanfor interessefeltet i denne studien (dette har eg gjort i lange intervju der intervjugersonen var svært snakkesalig og hadde mange digresjonar). Mange av intervjugersonane mine hadde dialekt, men eg har brukt nynorsk ved transkriberinga.

Da intervjuet var ferdig transkribert starta eg med å markere utsegna med ei fargekode som tilsvara eit bestemt tema. Eg brukte sju ulike kategoriar i systematiseringa av resultata; bakgrunnsinfo om informanten, generelle haldningar, meningar om fordelar og ulemper med turismen, tankar om eit tak for turismen i Flåm, utsegn som omhandla forvaltninga og kommunen, og om kultur og lokalsamfunnet i seg sjølv. Vidare samla eg dei ulike gruppene av tekst under ein felles temaoverskrift, slik at eg enklare kunne

samanlikne utsegna. Dette letta jobben med framstillinga av resultata, frå transkripta av intervju til det ferdige resultatkapittelet. Resultata er delvis ei direkte attgjeving av intervju, men deler av resultata har òg eit meir generelt preg. Dette vart ofte gjort som ei samanfatning av deler av intervju, eller i samband med samanlikningar av ulike informantar. Ved resultatframstillinga har eg brukt symbolet ”(...)” for å markere at deler av setninga er fjerna, eller at to setningar som i utgangspunktet ikkje sto saman no er kopla saman. Dette har eg gjort for å få fram dei viktigaste poenga, samt korte ned mengda tekst.

Analysen er i utgangspunktet gjort på bakgrunn av innhaldet i utsegna til informantane. I tillegg har eg og tolka litt djupare utover dette, med bakgrunn i heilheita i intervjuet og kva som kan ligge bak det som vert uttrykt med ord. Dette er bygd på tankar og kjensler eg noterte ned under og rett etter intervjuet. Somme av mine informantar var vase i utsegna sine, men gav likevel inntrykk av konkrete meininger. Der slike tolkingar er gjort, kjem dette tydeleg fram i teksta. Den endelige kategoriseringa, av haldningar, tilknytingsgrad og balanse mellom fordelar og ulemper, vart gjort som resultat av ei heilskapleg vurdering av intervjua.

4.7 Andre informasjonskjelder

I møte med ein av informantane fekk eg utlevert dokumentar frå diverse brevvekslingar han har hatt med blant anna kommunen, som klager, samt årsrapportar frå ei interessegruppe. Han viste ofte til desse dokumenta i løpet av samtala, og eg har difor brukt dei til å utdjupe og forstå utsegn han kom med.

4.8 Diskusjon av metodeval og vurdering av dataa sin kvalitet

4.8.1 Metodeval

I kombinasjon med smale case-studiar er ei kvantitativ tilnærming i følgje Sharpley (2014) ei begrensning i den tidlegare forskinga på dette fenomenet, og ein kan tenkje seg at funna frå case-studiane ikkje er gyldige utanom den gitte situasjonen. Tosun (2002) meiner til dømes at innbyggjarane sine haldningar er forma av ulike steds-spesifikke forhold. Ved da å nytte kvantitativ metode, med variablar funne gyldige i andre studiar, kan ein gå glipp av nye variablar som kanskje er særeigne for andre situasjoner og stader. Denne studien nytta kvalitativ metode og djupneintervju, med utgangspunkt i ein intervjuguide med variablar henta frå tidlegare studiar. Da eg gjennomførte intervjua dukka det opp tema som eg ikkje hadde rekna med, og det kan tyde på at forholdet nemnt av Tosun (2002) gjorde seg gjeldande, noko som tyder på at djupneintervju var riktig å bruke i denne situasjonen. Denne studien kan slik fungere godt som ein forstudie til ei seinare kvantitativ undersøking.

4.8.2 Dataa sin kvalitet

Validitet

I følgje Johannessen et al. (2004) dreier validitet i kvalitative undersøkingar seg blant anna om i kva stor grad funna og framgangsmåten til forskaren representerer verkelegheita. I denne studien, med åtte informantar, bygger resultata berre på eit lite utval av befolkninga i Flåm, og representerer slik òg berre verkelegheita til desse informantane – ikkje heile lokalbefolkninga i Flåm. Eg ønskte i utgangspunktet å få med fleire personar frå den gruppa som ikkje er direkte involvert i turismenæringa, for å unngå å få eit einsidig utval, men sidan veldig mange av innbyggjarane i Flåm har ei eller anna tilknyting til turismenæringa kan ein nok argumentere for at mitt utval likevel er eit godt utval. Men igjen, funna i denne studien avgrensar seg til å berre gjelde dei informantane som deltok i denne studien, og kan ikkje generaliserast. Derimot kan ein tenkje seg at studien har ein analytisk verdi utover den avgrensa situasjonen, og kanskje kan funne frå denne undersøkinga nyttast i forståinga av kva som kan skje i ein liknande situasjon. Dette kallast ei analytisk generalisering.

Ved å seinare gjennomføre ei kvantitativ undersøking av lokalbefolkninga sine haldningar til turismen og turismeutviklinga i Flåm, kan ein famne om ei større gruppe av lokalbefolkninga og slik sikre eit meir representativt utval, samt sjekke gyldigheita av funna i denne studien.

Reliabilitet

Reliabilitet handlar om pålitelegheita til studien. Ein kvalitativ studie kan vanskeleg dupliseras, men pålitelegheita kan styrkast gjennom å gje ei inngåande skildring av situasjonen og framgangsmåten i forskingsprosessen (Johannessen et al. 2004). Ein grundig presentasjon av informantane (**Tabell 1**), og framgangsmåten for rekruttering av dei, er med på vise at informantane i studien er egna for å undersøkje det eg ønskte å undersøkje, og er med på å sikre høg reliabilitet. Under intervjua brukte eg intervjuguiden aktivt for at alle intervjuer skulle bli så like som mogleg. Eg var bevisst på mi rolle som intervjuar, og hadde fokus på å ikkje stille leiande spørsmål og påverke informanten sitt svar. Gjennom analysen har eg hatt eit kritisk syn på mine fortolkingar og vurderingar, og vore påpasseleg med å framstille eit dekkande bilet av situasjonen utifrå kva som kom fram i intervjuer. Eg meiner difor at mi framstilling av resultata speglar dei faktiske haldningane og tankane som respondentane i denne studien uttrykte. I framstillinga av resultata har eg valt å nytte relativt mange direkte sitat for å bygge opp under pålitelegheita. Resultata inneheld mange sterke meiningar og ytringar, og eg ønskte å fa fram at dette er utsegn som kom fram i intervjuer, og ikkje ei tolking eg har gjort

5 Resultat

I dette kapittelet vil eg leggje fram resultata av djupneintervjua eg gjorde blant lokalbefolkninga i Flåm. I djupneintervjua søkte eg å forstå kva haldningar dei lokalbefolkninga har til turismen i området, og kva som ligg bak desse haldningane. Denne teksta er ei attgjeving av kva intervjugersonane har sagt, og til dels ei tolking av kva som ligg i dette utifrå mi forståing. Eg har teke utgangspunkt i intervjuguiden ved framstilling av resultata, og byrjar med å presentere generelle haldningar.

5.1 Generelle haldningar og tankar om turismen

I all hovudsak er dei eg har snakka med positive til turisme i Flåm, men det er sterk frustrasjon blant fleire når det gjeld den noverande situasjonen. Dei eg har snakka med understrekar at det er mange som lev av turisme, og at det er ein del av historia til bygda. Mange fortel historier om forfedrane sine og kontakta dei hadde med turistane før i tida. Desse historiene er positivt lada og tydeleg prega av stoltheit. Som ei eldre dame (IP-2) fortalte meg: ”Eg har vakse opp med forteljingar frå far min som køyrte turistar med hest og kjerre til Myrdal. Han far var veldig ettertrakta for køyring av turistar fordi han snakka engelsk (...) Han var veldig flink med turistar, han far.” Ein annan fortel at forfedrane hans spela ei stor rolle i utviklinga av turismen, og seier at han har det i blodet. Det er altså tydeleg at turisme er ein del av identiteten til innbyggjarane i Flåm, noko dei ”innfødde” med røter i Flåm spesielt uttrykte. Sjølv om denne historia om Flåm er prega av stoltheit og ”mjuke ord,” er ein del ueinige i retninga utviklinga har teke:

Eg har alltid hatt turistar eg, eg har ingen problem med det. Det er veldig kjekt, men det er IKKJE kjekt med masseturisme, for det blir ikkje kjekt for korkje dei som bur her eller, ikkje minst, turisten. (...) Eg er vandt med cruisebåtar eg, fordi at vi har alltid hatt det i oppveksten. Men den gongen hadde dei ein funksjon for vi fekk kjøpt ei flaske brennvin av dei og så var det ikkje så mange av dei.

Den frustrasjonen og negativiteten som blir retta mot turismen opplevde eg at ikkje handlar om turismen i seg sjølv, men om ”måten det blir gjort på”: ”(...) I det store og det heile så er det cruise og måten det blir gjort på og den TOTALE mangel på regulering eg

reagerer på (IP-5)”. Spesielt er det hjå fleire sterkt motstand mot dagens cruisetrafikk, som IP-5 uttrykte i førre sitat, og det har gått så langt at dei snakkar om ei polarisering i samfunnet der folk er for eller i mot cruise. Eg må seie at denne polariseringa ikkje var så tydeleg for meg blant dei eg snakka med. Eg opplevde at blant mine informantar var så godt som alle i utgangspunktet positive til turisme i Flåm, som levebrød for svært mange og ikkje minst som ein del av Flåm si historie. Derimot sterke ønskjer om ei betre regulering av cruisetrafikken: ”For eller i mot cruise, det er hjernedødt meiner eg. Og det er historielast for dei som bur her, om ein skal vere i mot cruise! Men det må kontrollerast! Vi kan ikkje ha det slik som no! (IP-1)” Av informantane var det mange som ønskta ein reduksjon i talet på cruiseskip, og fleire ytra og ueinigkeit om reguleringa og omfanget av turismen generelt. Dette vart, i store trekk, grunngjeve med blant anna at cruiseturistane ikkje legg att så mykje pengar på land men forureinar derimot ein masse, og at ingen ting kan vekse inn i himmelen. Dette tolkar eg som eit ønskje om å ta vare på bygda, identiteten og den turismen dei har her, og ei uro for at dei kan miste dette.

Av alle mine intervjupersonar var det berre ein som hadde ei tydeleg positiv haldning til situasjonen med dagens turisme i Flåm. IP-8 seier han ser positivt på turismen i Flåm og den utviklinga som har vore i det siste, og ønskjer dette velkommen: ”Ja, mitt syn er jo det, at det er veldig bra for lokalsamfunnet. Det er klart at det er delte meininger om akkurat tal på og mengd, ikkje sant. Men eg ser positivt på det iallfall.” IP-2 var også positiv og tilfreds med tilværet, ho hadde ikkje nokon sterke meininger om negative verknader av turismen, men ho var ikkje like tydeleg positiv som IP-8. Eg har likevel valt å karakterisere ho som positiv til dagens situasjon med turismen i Flåm. **Tabell 2** viser ei oversikt over alle informantane, med ei oversikt over haldningane deira. Ein utdjupande tabell finns i **Vedlegg 4**.

Tabell 2: Ei oversikt over informantane og haldningane deira.

Intervju-person	Kva haldning har han til turismen i området, med utgangspunkt i dagens situasjon?
IP-1	Negativ mot dagen ssituasjon, med tanke på forvaltninga og reguleringa av turismen.
IP-2	Positiv, tilfreds med situasjonen.
IP-3	Nøytal.
IP-4	Positiv.
IP-5	Negativ til dagens situasjon, og til cruiseturisme generelt.
IP-6	Negativ mot dagen ssituasjon, med tanke på forvaltninga og reguleringa av turismen.
IP-7	Negativ mot turisme i så stor skala.
IP-8	Positiv og tilfreds med situasjonen.

5.1.1 Kva føler lokalbefolkninga at dei får att frå turismen, av både fordeler og ulemper?

Det er ei generell einigheit blant informantane at turismen gjev noko att til lokalsamfunnet, kanskje bortsett frå IP-7. Sjølv dei som har mykje på hjarta når det gjeld dei negative konsekvensane av turismen, ser betydinga av turismen når det gjeld arbeidsplassar og verdiskaping i lokalsamfunnet. Ueinigheita gjeld kor mykje dei lokalbefolkninga får att, og omfanget av fordelane i forhold til ulempene. Mine informantar skil tydeleg mellom cruiseturismen og den landbaserte turismen. Dei negative haldningane dreier seg stort sett om cruiseturismen, når det da ikkje er retta mot mangel på styring og regulering generelt. Når det gjeld cruiseturismen føler mange at fordelane dei får ikkje speglar ulempene dei har med det, med tanke på støy, forureining og trengsel. IP-5 er ei tydeleg røyst kva angår dette:

(...) Ein campinggjest, ein ungdom som kjem med telt og ligg på campingen legg att meir pengar enn ein cruisehest. Heile konseptet med cruise er at pengane skal

ligge att på båten. (...) det kjem ikkje noko tilbake! Det er berre, bokstaveleg talt, dritten som ligg att. Røyk, støy, og gråvatn. (IP-5)

IP-5 seier at det blir sagt at cruiseskipa legg att mykje pengar i Flåm, men at han ikkje ser att noko av denne påståtte rikdommen: ”Det burde jo vore gullbelagte kranar på alle toaletta i heile Flåm så mykje pengar som ligg att her. Men det gjer ikkje det. Dei evnar ikkje ein gong å sette opp nokre blomsterkassar.”

IP-8 ser derimot positivt på cruisetrafikken: : (...) eg ser jo positivt på cruisetrafikken, for mange som reiser der, dei reiser med cruise for første gong, og veldig mange av dei kjem faktisk tilbake med andre reisemåtar seinare. Dette er IP-5 heilt ueinig i: ”Dei seier det at dei som kjem til Norge med cruise kjem att etterpå som landturistar. «Dream on» det er heilt omvendt.” Han fortel at det kjem innom turistar som budde hjå han for 20 år sidan, som no kjem tilbake med cruise.

Trass i at IP-5 meiner at dei ikkje får så mykje att frå turismen, særleg da cruiseturismen, vil eg ikkje seie at han er einsidig negativ: ” (...) Og denne turismen, det er klart at han skapar noko, han gjer det, men han kunne skapt mykje, mykje meir. Kunne skapt MYKJE meir. Og samstundeshatt ei mykje mindre belastning. (IP-5)” Han er tydeleg skuffa over at kommunen ikkje tek grep: ”Kommunen her er berre heilt slik bevisstlaus. Og dei har berre ein ting i hovudet og det er volum. Med rådande styre er det berre volum som gjeld. (IP-5)”

IP-1 er tydeleg på at turismen gjev ringverknader og skapar arbeidsplassar i bygda, og seier vidare at dei har funne seg i sideeffektane: ”Med folk som går til Brekkefossen opp og ned for eksempel, og skiter og legg i frå seg i vår eigen natur, altså i nærmiljøet som vi brukar mykje. Folk kjem vassande inn i tunet og inn i hus og...” IP-4 fortel og om liknande erfaringar langs Rallarvegen: ” eg hugsar at eg gjekk og skulle ta opp tørrhøy, så tek du på den eine sida og så kjem du bak og der er det do altså. Ikkje sant, og det er...” Ho seier at det er klart at folk må gå ut i vegkanten å gjere frå seg, folk må jo på do på denne 20 km lange strekka og når det ikkje tilrettelagt med toalett, så blir det slik.

For å summere opp kan ein seie at dei føler at dei får noko att frå turismen, men det er og ulemper som følg med. Det kan og tyde på at dei føler at det burde og kunne kome meir attende til lokalsamfunnet med betre regulering og kontroll.

5.1.2 Forskjønning og oppgradering av lokalområdet

Med tanke på forskjønning og oppgradering av lokalområdet, er det ei jamn oppfatning blant mine intervupersonar at turismen ikkje har bidrige noko nemneverdig når det gjeld dette. IP-6 uttrykkjer tydeleg at ho ikkje tykkjer at det er gjort ein god nok jobb med tanke på å lage ein plass som er innbydande, og ho etterlyser eit grønområde i staden for det noverande torget. Vidare seier ho: ”Det får dei ikkje til. (...) Vil ikkje bruke pengar på slikt. Enda dei tener store pengar på desse cruiseskipa som kjem inn her, sant, så vil dei ikkje bruke dei midlane på det dei ser på som eit torg og ein allmenn plass (IP-6).”

Denne forventninga om at dei store aktørane i Flåm burde bidra med å oppgradere og leggje til rette i lokalsamfunnet deler ho med fleire av dei eg har snakka med. Spesielt blir kommunen, havnevesenet og Flåm AS nemnt her.

Blant mine informantar er det ei oppfatning om at dei lokale stort sett held seg borte frå Flåm sentrum om sumaren, og IP-1 legg meir i dette enn at dei berre ønskjer å unngå turistane:

Akkurat på sumaren så finn den jamne flåming ikkje på å reisa ned på Fretheim (Flåm sentrum, ved hamna). Men det handlar jo like mykje om at det er jo ikkje noko kjekt å vere der. Det er jo parkeringsplassar og asfalt og ein haug med folk. Og ein haug med båtar. Og eit tog som går opp og ned. Og det er ikkje lagt opp til at nokon skal vere på Fretheim. Ikkje med glede ialfall. Heile Fretheim no handlar berre om å halda ut til du er komen dit du skal. For å dra det heilt ut då. (IP-1).

Han meiner dette kjem av at utviklinga ikkje har vorte styrt. Han meiner at alle har vore opptekne av at det skal vere så god parkering som mogleg, slik at folk skal koma heilt inntil, noko han meiner er ”døden i gryta” og svært lite framsynt. Det er tydeleg at han

meiner at situasjonen nede i Flåm sentrum er for dårlig regulert og at det manglar styring:

Det er Texas (...) Enkelte dagar står det bussar over alt! Det er forbunde med livsens fare å bevege seg rundt der nede. Iallfall om du har småe barn. For det er ikkje eit einaste fortau som endar i nokon ting. Dei endar i lause lufta. Det er ikke ein einaste fotgjengarovergang som er fornuftig plassert og som er med på å lede ein straum (IP-1).

IP-1 etterlyser og at kommunen tek meir ansvar: ”(...) å bygge parkeringsplassar, fortaug og passe på at infrastrukturen på feltet her nede fungerer, det må ligge til nokon annan (nokon annan enn turismeaktørane og lokalbefolkinga). Vi skal betale skatt, vi. Og det gjer vi verkeleg og!” Han meiner og at havnevesenet burde bidrege meir til trafikkavviklinga på land.

IP-7 oppmodar og kommunen, i eit brev til administrasjonen og politikarar i kommunen, til å ta betre omsyn til dei lokale. Han meiner at det er feil at innbyggjarane sjølv må betale høge avgifter, for at turistane skal sleppe å betale for vatn, kloakk, renovasjon og elles stell av området. Under intervjuet kjem det fram at han heller ikkje føler at det har skjedd ei oppgradering av lokalområda, snarare kan det verke som om han føler at det skjer ei degradering: ”For no snakkar dei om at dei skal ta denne fotballplassen der framme, den skal dei legge om til parkering. Ja. Parkering for bussar. For no har det auka så felt med busstrafikk, no. (IP-7)” Denne fotballbana blir brukt av lokale ungdommar, samt som treningsbane for fotballaget i Aurland. Det er ikke berre dei lokale som har glede av denne fotballbana, meiner han: ”(...) ja, og so krev dei at da skal dei øydeleggje denne plassen her (fotballbana), som og er for eksempel til cruiseskipa. (...)" Han er svært frustrert over dette, og spesielt sidan dei ikke brukar dei parkeringsområda som allereie er her, for eksempel parkeringsplassane under E16 bruа, som i staden berre blir brukt til søppelplass. Han meiner nok at dette er dårlig planlegging og utnytting av areal.

I brevet til administrasjonen og politikarar i kommunen har IP-7 og skreve at hamnesjefen i sumar ikkje har kunna sendt mannskap frå cruiseskipa til å spela fotball,

cricket m.m. på fotballbana, da det ligg skrothaugar og brubjelkar der. I tillegg ser det stygt ut, både for turistane og dei lokale. Spesielt meiner han dette er ei skam når kommunen sjølv, ved ordføraren, oppmoda til å halde orden på eigedommane sine og ta vel imot turistane. Han skriv og at han hugsar godt då han sjølv var ung, og spela kampar med mannskapet på cruiseskipa. Han skriv at dette var underhalding både for bygdefolk og turistar. Dette brevet viser og til korleis ting burde vore gjort annleis og betre, elles i intervjuet peikar han og på løysingar og forslag til endringar. Sjølv om han står fram som negativ til turismen i Flåm, er dette med på å bygge opp under mi oppfatning om at det er måten det blir gjort på, og ikkje turismen i seg sjølv som er problemet.

Oppgradering av infrastruktur

Når det gjeld oppgraderinger av infrastruktur som følgje av turismen, er det stor skilnad på meiningsane når det gjeld kven som får glede av dette og kven som kostar dette. IP-5 er tydeleg kritisk til om desse oppgraderingene gagnar lokalbefolkinga: ”(...) altså det har vore ei oppgradering, men kven er det som betalar den oppgraderingen? Jo det er jo vi, for eksempel vassabonnementar, som betalar for eit vassverk som er større enn det vi eigentleg treng.” Han meiner det er heilt feil å sjå på dette som ein gevinst frå turismen: ”(...) det er berre ein illusjon altså, det er heilt omvendt altså! Det er VI som betaler og legg til rette for cruise. (IP-5)” IP-8 synes derimot dette er ei positiv oppgradering, og har eit heilt anna syn på kven som berer kostnaden med det:

IP-8: Ja, her er det jo heilt nydeleg, det er jo ganske ny infrastruktur på alt, med vatn og kloakk i området her da. Her er det jo lagt ned mange ti-talls millionar i dei seinare åra.

Int: Så kommunen investerer ein del...

IP-8: Ja, dei gjer det. Og mykje i lag med private næringsdrivande. (...) Men det er klart at kommunen har teke ein stor del av det, lagt ned veldig mykje pengar.

Av denne samtala kan det verke som om IP-8 er tilfreds med jobben kommunen gjer samt bidraga frå dei private næringsdrivande, og slik følar at dei gjev nok att til

lokalsamfunnet.

Historie om friområdet Neset frå IP-7

Friområdet Neset ligg ved elvemunningen av Flåmselva. Dette området har mykje lokalhistorie knytt til seg, og verkar å vere av stor verdi både for informanten sjølv og lokalsamfunnet elles. Eg har valt å ta med denne historia da den skildrar godt ulike forhold i Flåm opplevd av informanten, gjennom prosessen med oppgradering av dette området.

IP-7 er svært oppteken av å ta vare på dette området og fortel at han har kjempa mange kampar for det. I -81 ville kommunen fylle att dammen på flata her, og det var planer om eit industriområde her og at deler av området skulle brukast til bussparkering. IP-7 var initiativtakar til interessegruppa for Friområdet Neset, som kjøpte arealet av kommunen for å oppretthalde det som eit friområde. Seinare har det i følgje IP-7 vorte lagt ned ein stor dugnadsinnsats i området, og i dag blir friområdet flittig brukt. Det er nyleg vorte tilrettelagt med grillplass og eit grindbygg med sitteplasser. Området ned mot fjorden blir om sumaren brukt som badepass, dammen blir brukt til skøytegang om vinteren og undervisning om sumaren. Området er brukt av både familiar, barnehagar, skuleklassar og ikkje minst turistar.

(...) Dette er ope for turismen og. Kvar skal dei gjere av seg når dei kjem her da? Dei kjem over bruha her, eg ser det dagleg. Det har vore over tusen personar her ute. Og særleg no etter vi har oppgradert det ein del så er det mykje, og det er HEILE året (...) (IP-7).

No står kampen om å få opp eit permanent vinterisolert toalett, slik at det kan vere ope heile året. Toalettet som står der i dag er stengt frå 1. september til 1. mai. IP-7 påpeikar at det er jo turistar her om vinteren og, og ikkje minst er det både barnehagar og skular som og brukar dette området om vinteren og har behov for eit ope toalett. I eit brev til kommunen nemnar IP-7 at trengjande søker til og urinerer rundt bygget når det er stengt. Han skriv og at interessegruppa for friområdet meiner at det er kommunen sitt ansvar å

bygge eit permanent toalett, som kan haldast oppe heile året. Dei har frå før fått støtte frå både banken og Flåm utvikling til oppgradering av området, og håpar no at kommunen og kan ta eit ansvaret.

Det er tydeleg at han ser at tilrettelegging for turismen og gagnar lokalsamfunnet. Det kjem og fram i følgjande ordveksling:

Int: Men korleis føler du, slik med tanke på Flåm her, føler du altså at det er mest tilrettelagt for turismen men lite for lokale?

IP-7: Ja, det er no ein kombinasjon da. For hadde det vore tilrettelagte for turistane her for å oppleve ting her, så hadde det vorte det for lokale og. Så der burde det kunne vere ein samordning.

Han meiner at kommunen har vor därlege til å stille opp både for lokalbefolkinga og for turistane i Flåm, han påpeikar at det er ein samanheng der. Vidare uttrykkjer han at han er tilfreds med sluttresultatet av arbeidet med friområdet: ”Eg trur me har redda dette området så langt som det kan gjerast. For både bygdefolk og turisme.”

5.1.3 Kven tener på turismen? Om fordeling av godane

Som det delvis kjem fram av teksta over er det hjå fleire av mine informantar ei oppfatning om at det er nokon aktørar som tener grovt på turismen, medan andre ikkje merkar så mykje til det. Eg vil seie at ei overvekt av mine informantar uttrykte dette. Av teksta over kjem det og fram ei forventning om at desse, som dei går ut i frå tener stort på turimen, burde gjere ein større innsats for lokalsamfunnet og fellesskapet. For å summere opp er det Hamnevesenet og Flåm AS dette gjeld.

Det blir nemnt at dei store aktørane som faktisk tener godt på turismen, er i Flåm berre i sumarhalvåret og ”skummar fløyten,” medan om vinteren ser dei ikkje noko til dei. IP-7 seier at når dei som er ledarane i dei store selskapa ikkje bur her, veit dei ikkje kva som skjer i Flåm og korleis det er å leve her i lag med turismen. Denne meinингa deler han med IP-1. IP-1 uttalar vidare at når slike personar som har ei avgjerande rolle i utviklinga

av reiselivet ikkje har sitt liv og virke i Flåm, så veit dei ikkje kva som er det beste for lokalsamfunnet, og ønskjer kanskje heller ikkje å investere i dette. IP-5 fortel at Flåm AS e styrt av konsulentar i Oslo, og meiner at kommunen har eit alt for lite aktivt eigarskap i dette selskapet. Han fortel at selskapet vart oppretta for å vere ein storkapitalist som skulle gagne samfunnet i Flåm, han meiner at dette er ein veldig god grunntanke, men at det ikkje fungerer på denne måten slik det blir styrt i dag.

IP-6 deler oppfatninga om at det er nokon få som tener på turismen, og synes i tillegg at det er kompliserande at både kommunen og den lokale banken er medeigrar i dei store selskapene:

Når dei andre som ikkje er ein del av den eigarkonsultasjonen da skal gjere noko, eller finne på noko eller, ja kva det no er, så skal du venda deg til ein bank for å få finansiering, skal du venda deg til ein kommune for å få løyve og så sit dei som eigarar til konkurrenten. (IP-6)

IP-5 er oppteken av at på ein liten stad som Flåm er ein avhengig av å få med seg alle for at det skal bli ein god destinasjon: ”Det kan ikkje vere slik at det er nokon få som skal tene pengane, og så skal alle dei andre berre ha bakdelar.” Slik føler han det er i dag, at det er nokon få som tener grovt på det, men mange som har ulempene. Vidare seier han at han misunner dei ikkje pengane, men han vil ikkje ha belastninga med den ureininga dei blir påført som eit resultat av den høge omsetjinga deira.

IP-5 meiner at folketalet i Flåm går ned, og at det da ikkje hjelpt å ha ein million tilreisande i året. Han meiner at for å endre på dette lyt ein spreie inntekta frå turismen over på fleire, at det er mange småbedrifter som er det ideelle. Denne oppfatninga om at folketalet går ned, er ulik oppfatninga til både IP-1 og IP-8, som begge seier at det har vore ei auke i folketalet.

Eksempel med Flåmsbana

Flåmsbana er ein av dei store attraksjonane i Flåm, og som genererer mykje pengar til eigarselskapa. Fleire av mine informantar uttrykte at dei følte at Flåmsbana i dag var mest for turistane. IP-4 uttrykte blant anna: ”Og så har du Flåmsbana, som eigentleg tek omsyn

til berre, MEST til turistane” Ho fortel vidare at dei har lagt ned ein haldeplass der det bur folk, og har i staden teke vare på ein haldeplass lengre oppe som passar betre inn med turismen men kor det ikkje bur folk. Ho føler difor ikkje at ho blir teke omsyn til som lokal, og seier vidare at det ikkje nyttar å snakke med dei for dei har ikkje nokon planar om å endre på det uansett. IP-4 fortel at den nedlagte stasjonen tidlegare har vore mykje brukt, både av skuleklassar i undervisning, lokalbefolkninga og turistar som ynskjer å gå ein kortare tur og ha moglegheit til å leggje opp turen på eigen hand.

I tillegg til prioriteringa av kva for stasjonar som skal haldast ope, er billettprisane med på å forsterke denne opplevinga av at Flåmsbana er mest for turistane:

Og så er det den dyre taksten på bana der som hvis du kjem som turist ein gong så er det dyrt nok da og, vi har jo dette flåmsbanekortet som hjelp oss fastbuande, men når våre ungar kjem attende om sumaren, og kanskje tenker ein tur til fjells så må dei enten gå ned her å kjøpe eit flåmsbanekort da, til bort i 900 kr, eller betale full takst opp og ned. Du kjem heim til bygda di, og så blir du møtt med ein slik turistpris på bana at du nesten ikkje kan vurdere å reise opp til dine eigne fjellområder. (...) Og det skaper misnøye, i forhold til når dei tener så grovt på det og. (IP-4)

At dette skapar misnøye er noko eg har fått stadfesta frå fleire. Blant anna nemner IP-2 at ho som lokal sikkert betalar 4-5 gonger så mykje for bilettane på Flåmsbana som cruiseturistane gjer, og meiner at dette er fordi dei er så mange og slik prutar ned billettprisen. Ho seier ”For det har eg verkeleg høyrt (IP-2),” noko som og kan tyde på at dette er noko det blir prata om i bygda.

5.1.4 Forureining og miljøpåverking

Forureining er eit stort tema når det gjeld diskusjonen kring turismen i Flåm, og det er cruisetrafikken som blir peikt ut som den store syndaren. Fleire av mine intervupersonar fortel at på varme, stille sumardagar ligg det ofte eit lok av røyk (smog) over fjorden, som følgje av cruisetrafikken. Spesielt dei som bur nære fjorden påpeikar at dei er svært plaga av denne forureininga, som omfattar både røyk og støy. I tillegg til cruiseskipa har dei og

ein gjennomfartstrafikk som forureinar, og i kombinasjon med forureininga og støyen frå cruiseskipa kan det bli for mykje, seier IP-7.” Så det har hendt at vi rett og slett har måtta reist på fjellet på hytta for å kome vekk frå det altså.” IP-7 fortel vidare om ein situasjon for eit par år sidan: ”Om Sumaren når det er fint vær så plar vi å ta frukosten ute på verandaen der ute, og ser ut over fjorden då. Men her ein morgen (...) då eg gjekk ut der med desse tøflane her så heng tøflane fast i slik slam av eksos eller kololje eller kva det no er. (...) Og det brukte vi veldig lang tid på å fjerne.” Han fortel vidare at da han eit par dagar seinare skulle sjå om ripsen var ferdig, var buskane heilt svarte, dei var tildekte av dette grumset, så da vart det ikkje noko rips seier han. I tillegg til røyk, er støy er miljøfaktor fleire av mine informantar peiker på. Dette inneberer både duren frå cruiseskipa, men og støy frå musikk og høgtalaranlegg. Til eksempel seier IP-7 at dei spelar så høg musikk at ein skulle tru det var i Aurland dei skulle danse. IP-6 er og tydeleg frustrert over dette med støy: ”(...) Dei ligg her heile dagen kanskje, med brannøvingar, og tuting og... så har dei og aktivitetar om bord ute ved bassenget, der dei spelar høg diskomusikk heile dagen som står i GRELL kontrast til det du ser rundt her.”

Fleire av mine intervjupersonar som sjølv driv med turisme uttrykkjer at denne forureininga øydelegg merkevaren som Flåm er, og ikkje samsvarar med forventningane kundane deira har til staden:

Eg har turistar som bur her gjerne ei veke i slengen, og eg får stadig meire klager på det bråket og den forureininga. Det blir ikkje samsvar mellom det som eg reklamerer med og det som eg leverar. For det er ikkje nokon stille fin naturleg plass lengre (IP-5).

IP-5 har ei negativ haldning til cruiseturismen på grunn av denne forureininga og miljøeffektane. Samstundes uttrykkjer han tydeleg ei uro for turismenæringa i Flåm: ”(...) Hadde dei enda klart å få på plass landstraum så dei ikkje forureinar miljøet vårt og øydelegg det produktet vi har.” Dette ønsket om landstraum deler han med fleire, blant anna etterlyser IP-6 tydeleg dette. IP-6 er elles vag i utalingane sine, og ønskjer nok ikkje å gjeva uttrykk for klare meininger, men ho nemnar same problemstilling som IP-5 og illustrerer samstundes litt av kompleksiteten i denne situasjonen:

(...) dei(gjestane hennar) kjem hit fordi dei trur dei skal koma til ein rein plass.

Urørt. Og så ligg det eit cruiseskip der, sant... Det er ein sik kontrast som ikkje er heilt bra. Men samstundes så lev vi og av cruiseskipa. Sjølv om vi ikkje får så mykje, for dei har jo alt om bord, så får vi jo ikkje vi så mykje omsetning på grunn av cruisetrafikken, men der det er folk der blir det meir folk. Altså, folk dreg folk. Så vi ser på det ikkje som negativt, og ikkje som sånn veldig positivt, men det er der og vi må rette oss etter det og ta dei grepa som vi kan gjere i forhold til vår business.”

Ein fellesnemnar for IP-5 og IP-6 er at dei begger er svært beivistste og opptekne av at det er naturen som er grunnlaget for turismen her. IP-6 understrekar at turistane kjem hit på grunn av naturen, for å sjå fjorden, fossane og på mange måtar det urørte. Ho seier at hadde det ikkje vore for dette hadde dei ikkje hatt noko der å gjera: ”Vi er rett og slett avhengige av at det som er rundt oss, det majestetiske, det flotte, det urørte, at det får lov å fortsette å vere slik (IP-6).” Ho er oppteken av at kommunen må ha ein forvaltningsplan som i varetek desse verdiane, og det føler ho ikkje er godt noko slik det er i dag. Det er tydeleg at IP-5 deler denne meinингa:

(...) Og så driv dei med regulert vedlikehaldsarbeid der borte, det må dei få lov til for dei ligg jo til hamn. Nei, det må dei faen ikkje få lov til. Dei ligg klin inntil elveosen på eit nasjonalt laksevassdrag, og dei brukar altså kjemikalalar for å vaska skipa sine. Berre ting som dette der, det kunne det vore gjort noko med. (IP-5).

Det er brei einighet om at cruisetrafikken burde vore regulert betre, at det burde vore avgrensa med tanke på tal på båtar og at til dømes miljøverstingane burde vore nekta å kome. IP-8 meiner derimot at cruisetrafikken har fått eit ufortent därleg rykte, og vorte den store, stygge ulven når det gjeld forureining. Han meiner at biltrafikken, med stamvegen Oslo-Bergen, er den viktigaste syndaren her, og oppsummerar: ”Så eg ser jo positivt på cruisetrafikken, for mange som reiser der, dei reiser med cruise for første gong, og veldig mange av dei kjem faktisk tilbake med andre reisemåtar seinare (IP-8).”

IP-5, som står fram med ei klar negativ haldning til cruisetrafikk, verkar som kan forsonse seg med at cruiseskip vil halde fram med å koma om det blir gjort på ein ordentleg måte:

Cruiseskipa kjem til å fortsette å koma, det er eg heilt sikker på. Men dei er nøydd til å få på plass noko meir miljøstandarar, dei er nøydd til å få dei på landstraum og så må dei byrja å regulere tal på båtar. For eksempel seie at vi vil ha maks fire skip i veka. No er det fire skip om dagen enkelte dagar (IP-5).

Miljøeffektane, som røyk og støy, verkar å vere som den største oppfatta negative konsekvensen frå turismen. Saman med mangel på styring og regulering er dette noko av det informantane mine la størst vekt på.

5.1.5 Interaksjonar mellom turistane og lokalbefolkinga

Når det gjeld interaksjonen mellom lokalbefolkinga og turistane kjem det fram at det er lite kontakt. Den kontakta som er verkar som skjer mellom dei som jobbar i turistbedrifter, som guide, servitør eller i ein resepsjon. Ein av informantane, IP-1, tenkjer at grunnen til at det er så lite kontakt er fordi turistane stort sett er i grupper, og ”held seg med seg” som han seier. Spesielt gjeld kanskje dette cruiseturistane, IP-1 uttrykkjer:

(..) cruiseturistane, dei er om bord i båten, elles driv dei med ein eller annan aktivitet på land. Og den aktiviteten er organisert, så er det mange av dei og dei har ofte litt därleg tid. Så skal dei opp og ned med bana, eller dei skal opp med bana og vidare til Voss og bussast attende til kaia. Eller dei skal til Borgund til stavkyrkja, eller kva dei no skal da. Då er dei under forflytting, det er ingen møteplass (IP-1).

Vidare fortel han:

”Der eg møter dei mest i hovudsesongen er jo at det er nesten heilt umulig å handle på butikken her nede, for det er så ”kjåka” med folk heile tida. Det er nesten ikkje, hyllane er tomme nesten heile tida. Det er som å koma til ei forretning i den verste sovjettsida. Det er butikk der, men det er ingen ting å kjøpe (IP-1).”

Han legg til at om sumaren handlar dei nesten heilt konsekvent i Aurland.

IP-4 stadfestar at det er lett å få kontakt i samband med turistbedrifta, men at elles så er turistane opptekne med sitt: ”Ja, der er det lett å få kontakt. Men elles så er det det at forbi oss så går det i ein fart med sykkel, ikkje sant, så dei du får kontakt med er kanskje dei som har ramla av sykkelen som må enten hjelpast ned eller eit eller anna slikt noko.”

IP-6 opplev at om sumaren er det mange av dei lokale som spring til fjells eller held seg borte frå Flåm, at dei ikkje vil vere i Flåm når det er så mykje turistar. Vidare utdjupar ho: ”(...) kanskje stikk dei innom og kjøper seg ein is, men du veit dei orkar ikkje å stå i den køen. For det er jo kø. Alle plassar. Så dei held seg unna stort sett (...).”

Kontakta mellom turistar og lokalbefolkinga oppfatta eg som fråverande, med mindre det da er i næringssamanheng. Derimot er det blant fleire ei oppfatning om at interaksjonen er større mellom dei lokale ungdommane og sesongarbeidarane, og i følgje IP-1 er denne kontakta svært positiv:

(...) Og så er det jo det da, at det er så kolossalt mange folk som jobbar her om summarane som våre barn blir kjent med, på ulike vis, dei jobbar saman med dei og treff dei på fritida osv. Og det betyr at iallfall ein del av ungdommane våre er utruleg internasjonalt prega i oppveksten sin, som eg no meiner er ein utelukkande god sak (IP-1).

Dette påverkar og kulturen, meiner han. Sjølv om han meiner at denne sosiale og kulturelle utvekslinga er bra, er han som forelder bekymra for at det fører til ei eksponering av andre rusmidlar enn alkohol: ”det er ei uro som vi har, at det florerar med såkalla «soft drugs». Hasj og marihuana og den type ting.” Han meiner at mange av sesongarbeidarane har eit anna forhold til rusmidlar enn dei har i ei lita bygd i Indre Sogn. IP-3 nemnar og at sesongarbeidarane påverkar Flåm: ”(...) det er kanskje ein av dei tinga som skjer med Flåm om sumrane, at det blir nesten eit eget, eg har følelsen av at det blir nesten et eget samfunn eller, samfunn i samfunnet på ein måte.” Ho seier at det er veldig mange av dei her, og at dei ofte finn saman. Ho trur at ein del eldre som har

opplevd korleis Flåm har forandra seg, kan kjenne seg litt framandgjort og at dei mange tilreisande sesongarbeidarane tek over litt i bygda. Det kan verke som om ho kjenner litt på dette sjølv og:

(...) Og nokon kjem att år etter år, så nokon er på ein måte veldig etablert og du kan faktisk helse på dei, du kjenner dei og veit kven dei er. Men samstundes merkar eg at om sumaren er det MASSE folk i Flåm eg ikkje ANAR kven er. Dei kan jo vere her opp til 4-5 månader i året, men eg veit ikkje kven dei er, bortsett frå at åja, ho jobbar der eller han der eller du ser at dei går ut frå ein eller annan kafé (IP-3).

Dette er stor forskjell frå korleis det er i Flåm om vinteren seier ho:” Det er klart det at no veit vi jo, (...) alle som går på gata og alle bilane som kjører forbi veit vi jo kven er. Og dei du treff på greier du å plassere. Men om sumaren er det så mykje folk at...”

5.1.6 Kulturpåverking

På spørsmålet om kultur og kva påverking turismen har kva gjeld dette, opplevde eg at informantane syntes det var vanskeleg å svare. Dette var noko mange av dei ikkje hadde tenkt på, og fleire svara at denne studien ville dei ikkje gje seg ut på. Likevel dukka det opp noko undervegs i intervjuet som kan relaterast til dette, og eg vil i dette avsnittet legge fram noko av dette.

IP-5 pratar mykje om jordbrukskulturen som tradisjonelt har stått sterkt i Flåm. Han fortel om korleis det føregjekk før i tida, og om dei fantastiske utmarksressursane dei har i området som i dag ikkje blir nytta. Det er nesten ikkje att bønder, seier han. Sjølv føler han ikkje at han blir verdsett som bonde, trass i at han ”har levert landskap til turistmaskina i 25 år” som han sjølv seier. Vidare utdjupar han: ”Samstundes må eg kjempe ein kamp for å behalde dyrkamarka, for kommunen skal bygge boligfelt.” Dette kan vel sjåast på som ein indirekte konsekvens av turismen, med utvikling av lokalsamfunnet og utbygging som ei av fyltgjene, og det kan verke som om han føler at dette går på kostnad av den tradisjonelle bondekulturen:

(...) Det er ingen sjølvfølgje sa eg til nestemann, det er ingen sjølvfølgje at han skal vere bonde. Han kan berre snu seg rundt og få ein investor eller kva han vil. Berre bygg ut sa eg. Berre kjøp nokre campingvogner og set opp nokre spikertelt, å sjå om det er noko fint. Men det hadde han faen meg fått lov til. Dei øydelegg... (IP-5).

I tillegg til at det kan tyde på at han føler bondekulturen ikkje lengre er verdsett og ønskt, er han nok og bekymra for kva dette har å seie for turismen:

Altså turisten ser kva som er ekte og kva som er fake, og her i Flåm per i dag er det nesten berre fake. Det er berre kulisser, det er ingen ting som er ekte lengre. Og dette er så lett gjennomskodleg, og folk ser det med ein gong. Det er vorte mykje skriverier rundt om på nettet og på slike reisebloggar «Stay away from Flåm» fordi at det er masseturisme. Og det er eit problem. (IP-5).

Tankane om at tradisjonen med gardsdrift og at Flåm snart berre er kulissar deler IP-5 med IP-1: ”Men no er vi jo komen dit hen, i Næringsfjorden f.eks, at det er ein del som blir slike jalla-tiltak (...) Det blir kulissar.” IP-1 meiner at det er viktig å leggje opp til ei faktisk drift på gardane, da ein ikkje klarar å oppretthalde kulturlandskapet som eit museum. IP-1 og IP-5 nemnar òg erosjon og utvasking av bakkemurane som ein konsekvens av all trafikken på fjorden, da dei gamle fergjene dei brukar dreg så mykje sjø.

Flåmselva har lang historie med laksefiske, og det var dette som var starten på turismen i Flåm. IP-5 fortel at han har fiske i Flåmselva, og har brukt å selja fiskeløyve til turistar. Han seier at sjølv om det ikkje er det store volumet med fisk, så er det noko med freda og roa ein får ved å vere der med fiskestanga. I dag er dette produktet øydelagd, seier han, du får ikkje lengre den roa og freda: ”om du står der med fiskestonga di har du 50 italienere der kvart tiande minutt, som skal sjå og spørja og grave kva du driv med. Sant.” Slektshistoria til IP-5 er sterkt knytt opp til laksefiske og turisme kring dette, og på grunn av dette kan ein tenkje seg at han ser på denne utviklinga som ei negativ påverking på ein del av kulturen i Flåm.

IP-8 meiner at den tradisjonelle kulturen i Flåm står ganske sterkt, og at den har vorte sterkare med åra. Han seier at han ser denne generasjonen no, at der er det mange som tek fram att gamal kultur. Han er usikker på kvifor dette skjer, men seier at dei dreiv no med mykje interessant før i tida da. IP-8 meiner at turismen verkar positivt og lyftar fram kulturen når det gjeld gardsdrift. Han meiner at det er mange som ikkje er drivverdig i seg sjølv, med at ein kan oppretthalde drifta med ei slik attåtnæring som ekstra inntektskjelde.

I **Vedlegg 5** finns ei oversikt over alle informantane og ei oppsummering over kva dei føler dei får att frå turismen.

5.2 Tilhørighet og stadkjensle

IP-1, IP-2, IP-5, IP-7 og IP-8 vil eg karakterisere som personar med sterkt tilknyting og tilhøyring til Flåm og lokalsamfunnet. Alle fem er vokse opp i Flåm, og har slekt og historie knytt til staden. IP-5, IP-7 og IP-8 har og vore sterkt involverte i lokalsamfunnet med ulike verv, både politisk aktive og anna frivillig arbeid. IP-2 har og vore aktiv i ei lokal foreining. IP-1, IP-5 og IP-7 hadde sterke meininger og mykje på hjarta kva angjekk dagens situasjon i Flåm, og var absolutt ikkje tilfredse med tingenes tilstand, i motsetning til IP-2 og IP-8 som uttrykte seg svært positivt. Eg opplevde dei tre førstnemnte som svært opptekne, nesten lidenskapeleg opptekne vil eg seie, av kva som skjer i og med bygda med tanke på turismen.

IP-4 er tilflyttar, og gjev uttrykk for at ho ikkje har veldig sterkt tilknyting til lokalsamfunnet. Ho seier ho har ein son som har teke over gardsdrifta, men om han og kona ikkje hadde fløtt attende hadde ho nok ikkje fortsett å bu her. Da hadde ho nok i staden flytt til slektingane sine, der ho kjem frå på Østlandet, seier ho. Ho seier at ho nok har meir tilknyting til familien sin enn ho har til andre innbyggjarar i Flåm. IP-3 er og tilflyttar, men driv ei familiebedrift i lag med mannen og svigerfamilien sin. Mannen hennar er vokse opp i Flåm, og dei fløtte saman attende da dei ikkje såg for seg ei framtid i eit burettslag på det sentrale Østlandet. Ho verkar for meg å ha relativt sterkt tilknyting til

Flåm, sjølv om ho uttrykkjer seg litt vagt. Dette følte eg kom fram blant anna da ho snakka om forskjellane på sumar og vinter, som eg har nemnt ovanfor. Med IP-6 var tre av mine informantar tilflyttarar. Eg oppfatta IP-6 som å ha ei litt annan tilnærming til situasjonen, kanskje litt mindre kjensleladd og meir ”profesjonell.” Ho uttrykte at ho var svært glad i naturen i Flåm, dette kjem og fram tidlegare i dette kapittelet, medan kva tilknyting ho har til lokalsamfunnet er litt meir uklart.

Om stadtjensle og samhald i bygda

IP-3 uttrykte at ho følte at turistane ikkje alltid fekk inntrykk av kva plass Flåm er, og eg spurte vidare om kva ho tenkte om stadidentiteten til Flåm og korleis denne blir påverka av turismen:

Det er eit godt spørsmål altså. (...) Eg syns vi som innbyggjarar trass alt... Vi viser ganske stor stoltheit og interesse og initiativ til å ta vare på Flåm og at det og skal vere ein god stad å bu og for oss som er innbyggjarar da. Men det er klart at no er eg begge deler, ikkje sant. Eg ser jo korleis, på ein måte, det er jo ein stor, nesten som ein, ikkje kameleon, men Flåm blir jo... Om vi snakkar om Flåm som det nedpå her da, så blir jo det, det forandrar seg jo veldig frå sumaren til vinteren (...) (IP-3).

Ho fortel at samfunnet endrar seg veldig, og ikkje minst at deira eigen situasjonen endrar seg veldig. Om sumaren må du vere tilgjengeleg for turistane heile tida, seier ho. Difor syns ho det er godt, og eigentleg heilt nødvendig med ein roleg vintersesong:

(..) Derfor er det viktig føler eg at, no har vi jo sesongbedrift og er ikkje opne no, så da får ein brukt tida til å vere sosiale og møte dei andre, innbyggjarar og naboar og alt slik. (...) Så eg syns jo, vi er jo eit veldig aktivt og levande samfunn når du tenkjer på dei som bur her og det er det at, iallfall for min del, så er det jo om vinteren og kanskje hausten og våren da at den aktiviteten er størst og det er da du føler at... Det er jo det som gjev den tilknytinga eller det som gjer at eg føler at eg

faktisk er ein del av samfunnet her og har min plass her, ja, eg veit kvar eg høyrer heime og eg veit at, ja. (IP-3).

IP-5 meiner at Flåm alltid har vore eit splitta samfunn, iallfall dei siste 80-90 åra med rallarar i samband med anleggsarbeid på Bergensbana og Flåmsbana. Han seier det har vore ei klassisk arbeidar-bondesamfunnskonflikt, mellom den tradisjonelle bondekulturen og ”den nye tida.” Vidare seier han at turismen no er med på å vidareføre denne konflikten, i alle fall cruiseturismen, som han meiner dei siste åra absolutt har splitta samfunnet. Han har sjølv protestert mot cruisetrafikken, og seier at dette ikkje er noko han blir populær av. Han bryr seg ikkje så mykje om det, seier han, det verste er at det går utover familien, og spesielt kona hans. Vidare seier han: ”Og ungane mine dei vil jo ikkje bu her. Dei kjem ALDER til å bu i Flåm. Dei orkar ikkje denne konflikten, og orkar ikkje dette bråket (...) Og da blir vi sitjande att med slike rallartog og Kina-troll da.

5.3 Finnes det eit tak?

Som eit av dei avsluttande spørsmåla i intervjuguiden spurte eg om kva dei tenkte om eit tak for turismen i Flåm. Det var varierande kor klare tankar og kor sterke meininger informantane hadde om dette, men ein gjengangar i svara var at kor taket går kjem an på tilrettelegginga. IP-1 er klar i si tale kva angår dette, og meiner at taket er passert for lengje sidan slik som ting fungerer no, samstundes som han påpeikar at om det blir tilrettelagt for det kan taket verte høgare. Trass i einigheita om at tilrettelegging er viktig, var det ei generell oppfatning om at det finnes eit endeleg tak. IP-2 påpeikte til dømes at Flåmsbana har ikkje kapasitet til å ta imot uendeleg mange passasjerar. Samstundes seier ho at det er viktig å bevare det som er Flåm: ” (...) og dei som kjem dei skal jo gjerne føle at dei kjem til Flåm, og det skal vere fritt og det skal vere godt.” IP-6 er i likskap med IP-2 veldig oppteken av at naturen må ivaretakast, og meiner nok at omsynet til naturen må ivaretakast ved ei eventuell fastsetting av eit tak. Ho er tydeleg på at ho ønskjer ein reduksjon i besøkande til Flåm:

(...) Men eg trur og det (...) at vi må vere veldig bevisste på kva vi har her og at ei ekspandering ved meir turistar ikkje nødvendigvis er det beste (...). For vi kan

gjerne vere eksklusive, det er heilt lov. (...) Så eg synes det er veldig viktig at nokon kan ta tak i at grunnen til at vi er her, det er det vi har rundt oss, og det er naturen og dei ressursane som naturen har å by på. Og då må vi beskytte det. (...) altså, om vi lar det skure å gå slik som vi har gjort no, so trur eg at det kan bli mindre attraktivt over tid, for det blir ikkje så urørt og så reint, og det blir ikkje så interessant å koma hit. (IP-6).

IP-6 meiner at ein på sikt vil kunne tene meir på å sette eit tak og gjere seg meir eksklusive. Ho seier at ein og må tenkje at det skal vere ein økonomi i dette, men at ein ikkje må vere redd for å sette rammevilkår og seie at ”slik skal vi ha det her, for dette er eit verdsarvområde som vi må beskytte, og vi må sette eit tak på kor mange som får lov til å koma inn hit (IP-6).”

IP-3 uttalar seg vagt og det er vanskeleg å få tak i kva ho eigentleg meiner, men ho uttrykker òg tydeleg uro for kva som kan skje i framtida:

IP-3: At det må setjast eit tak, og kanskje vertfall stille krav (...). Eg er iallfall redd for at om vi berre pøser på, eller skal ha meir og meir folk, så kanskje til slutt blir det slik at ingen eigentleg får ei god oppleving.

Int: At det ikkje blir så attraktivt å koma hit?

IP-3: Ja, og det er klart det er jo allereie... Høyrer jo det og ser jo kommentarar i forhold til det at ja Flåm er jo berre overfylt og mykje folk, og det er klart at det er ikkje noko kjekt for oss som ynskjer at folk skal koma hit og bu her at vi eventuelt får eit slikt därleg rykte.

Men samstundes seier IP-3 at ho ser jo at det fungerer, Flåm er jo eit knutepunkt. Frå Flåm har du mange moglegheiter, med både tog, buss og båt, og så har det jo vokse opp turisme kring desse flaggskipa som Flåmsbana og Nærøyfjorden, seier ho. Ho er med på tankegangen til IP-6 om å gjera seg meir eksklusiv, samstundes som ho ser på det frå eit

litt anna perspektiv:

(...) det er mange som driv i mindre skala som meiner at vi kanskje berre skal, at vi skal satse meir på dei som kan betale meir, ei meir eksklusiv gruppe og slike ting, men det er klart at dei har jo fått drahjelp av alt det som er bygd opp og all den reklamen og marknadsføring og det som er bygd opp rundt dei fyrtåra som er Flåmsbana og Nærøyfjorden. Så eg synes det er vanskeleg å svare heilt ja eller nei. (IP-3)

Sjølv om IP-3 synes det er vanskeleg å svare heilt ja eller nei, så trur ho i allfall at det er viktig at dei sjølv tek styringa på utviklinga som skjer. Ho meiner at utvikling må dei ha, men at det kanskje er viktig korleis ein gjer det. IP-5 derimot er klar i si tale:

(...) Det burde faktisk byrje å røyne på den verdsarvstatusen. Etter mi meining så burde dei få ei åtvaring, dei burde snart miste den statusen. For ein av dei grunnpilarane for å få den er at det skal vere berekraftig. Og dette her det er så langt frå berekraftig som det kan bli! (IP-5)

Han meiner at utviklinga vil stoppe seg sjølv til slutt, om ikkje nokon tek eit alvorleg grep om situasjonen og syt for ei betre regulering. ”Det er ingen ting som kan vekse inn i himmelen” seier IP-5 vidare. Han nemnar at alle har med seg ein smarttelefon eller iPad, og slik kan utilfredse turistar spreie bodskapen over heile verda på berre nokre få sekund.

Eg spør IP-5 om korleis han meiner at det burde vore: ”Hadde det vore litt mindre folk, og dei som kjem hit betalar meir, slik at det hadde vore mindre slitasje og meir pengar, det er ein jævlig god kombinasjon. (IP-5)” Denne tanken om ein meir eksklusiv turisme deler han med IP-6. Han utdjupar:

(...) nei, dei kunne hatt mindre folk, meir inntekt og dei kunna brukte pengar som gangnar lokalsamfunnet, altså dei kunne hatt fond som stelte det slik at det var fint og at kommunen sjølvsagt tener pengar som går att til lokalsamfunnet som gjer det til ein plass der det er attraktivt å bu. (IP-5).

Dette fondet meiner han burde vore finansiert ved å sette av nokre få kronar per billett.

IP-7 har som IP-5 sterke meiningar om dette, og tydeleg på at det må settast eit tak. Han snakkar spesielt om cruiseskipa, og eg spør om kva han tenkjer om den andre turismen:

Nei, eg vil ikkje akkurat seie at den er negativ, all turismen, men den må avgrensast, alt saman. For no snakkar dei om at dei skal ta denne fotballplassen der framme, den skal dei legge om til parkering. Ja. Parkering for bussar. For no har det auka så felt med busstrafikk, no. (IP-7).

IP-8 er og einig i at det er ingen ting som veks inn i himmelen, og at det må regulerast. I motsetning til dei sterke røystene nemnt ovanfor synes han at det er allereie er gjort gode tiltak. Han nemnar at Flåmsbana har satt opp avgangar tidleg på morgonen og seinare på kvelden for å få spreidd trafikken utover, og at eit nytt booking-system gjer at ein får utnytta kapasiteten på Flåmsbana betre.

Det er tydeleg at informantane i denne studien er opptekne av å taka vare på heimstaden sin, og derfor ser at det kan vere nødvendig å sette eit tak. Samstundes som dei ønskjer å ta vare på naturen og bygda si Flåm for eigen interesse, ser dei og dette som nødvendig for at dei skal kunne fortsette å vere attraktive som turistmål. Det er ikkje tvil om at dei ønskjer turisme òg i framtida, som kjelde til sysselsetting og inntekt, som IP-1 seier det:

Nei, det er ikkje nokon tvil om at vi har vorte ei turistbygd, men det er jo det vi har jobba for å bli da. For heile poenget er jo at om vi skal ha eit liv i framtida i bygda Flåm, så må ungane våre ha noko å gjere, slik at dei har noko å koma attende til.

6 Diskusjon

I dette kapittelet vil eg diskutere resultata i ljós av teorien eg tidlegare har lagt fram, og slik forsøke å svare på problemstillingane mine. Av resultata kom det fram kva haldningar respondentane har til turismen i Flåm, og eg vil byrje med å gje ei kort oppsummering av dette. Vidare vil eg prøve å få ei djupare forståing av kva som ligg bak desse haldningane. I siste del i diskusjonen av resultata vil eg ta for meg kva respondentane tenkjer om ei fåleevne for turismen i Flåm.

6.1 Kva haldningar har lokalbefolkninga til turismen? Ei oppsummering

Blant mine informantar vil eg kategorisere alle som generelt positivt innstilt til turisme i Flåm; som ei kjelde til verdiskaping og sysselsetting og vidareføring av Flåm si historie. Eg fann derimot at det er ulike haldningar kring turismen i Flåm når det gjeld dagens situasjon, samstundes er det ei ueinigheit om måten ”ting blir gjort” på i samband med turismen. Dette gjeld i grove trekk reguleringa av turismen, og spesielt da reguleringa av cruiseturismen. Fleire går så langt som å seie at turismen føregår utan regulering i det heile teke, medan andre er relativt tilfreds med dagens situasjon. Kort summert opp er det generelt ei positiv haldning til turisme i Flåm blant mine respondentar, men fleire har negative haldningar til situasjonen slik den er i dag.

6.2 Kva ligg bak desse haldningane?

For å forsøke å få ei djupare forståing av kva som ligg bak desse haldningane vil eg ta utgangspunkt i bytteteorien og teori om tilknyting til lokalsamfunnet ved diskusjonen av dette. **Tabell 3** viser respondentane sine haldningar i forhold til tilknytingsgrad og utkomet av balanseringen av fordelane mot ulempene. Denne tabellen er utgangspunktet for den vidare diskusjonen i dette kapittelet.

Tabell 3: Ei samanstilling av resultata frå kap. 5.1 og 5.2, viser dei ulike karakteristikkane opp mot kvarandre.

Intervju-personer	Haldningar	Balansen mellom fordeler og ulempar	Tilknyting og næring
IP-1	Negativ mot dagens situasjon, mtp forvaltninga og reguleringa av turismen.	Kan tyde på at han meiner at fordelane er større enn ulempene, at det er mangel på styring som er hovudproblemet.	Sterkt tilknytt, vekse opp i Flåm. Sjølvstendig næringsdrivande.
IP-2	Tilfreds med tilstanden og positiv til turismen.	Fordelane er større enn ulempene.	Sterkt tilknytt, vekse opp i Flåm. Pensionist, bidreg i familiebedrifta ("masseturisme").
IP-3	Nøytral.	Ganske balansert.	Relativ sterkt tilknytt, innflyttar (2001). Familiebedrift og "masseturisme".
IP-4	Positiv.	Fordelane er større enn ulempene.	Svak tilknyting, innflyttar (1975). Turismenæring, småskala.
IP-5	Negativ til dagens situasjon, og cruiseturisme generelt.	Ulempene er absolutt større enn fordelane, spesielt når det gjeld cruise. Fokuserer sterkt på negative miljøeffektar.	Sterkt tilknytt, vekse opp i Flåm. Bonde og småskala reiseliv.
IP-6	Negativ mot dagens situasjon, mtp forvaltninga og reguleringa av turismen	Fordelane større enn ulempene, utan turismen hadde dei ikkje vore der, det er dette dei lev av.	Uklar tilknyting, innflyttar. Reiselivsnæring, storskala.
IP-7	Negativ mot turismen i så stor skala.	Ulempene er absolutt større enn fordelane, spesielt når det gjeld cruise. Fokuserer sterkt på negative miljøeffektar.	Sterk tilknyting, vekse opp i Flåm. Pensionist, annan yrkesbakgrunn.
IP-8	Tilfreds med situasjonen og positiv til turismen.	Tydeleg på at turismen tilfører mykje positivt, og at fordelane er større enn ulempene.	Sterk tilknyting, vekse opp i Flåm. Ikje i reiselivsnæringa.

6.2.1 Balansen mellom fordelar og ulemper - bytteteorien

Det kan verke som om balansen mellom dei positive og negative verknadene frå turismen spela inn på kva respondentane i denne studien meinte om turismen, slik Ap (1992) meiner. Utsegn som ”vi får ingen ting att” frå respondentar med ei negativ haldning mot dagens turisme i Flåm tyder på dette. Av **Tabell 3** kan vi og sjå at det er ein samanheng mellom haldningane og balansen mellom fordele og ulemper. Dette verkar derimot ikkje å gjelde for IP-1 og IP-6, som begge har motsett haldning i forhold til kva ein kunne forvente utifrå prinsippa i bytteteorien. Felles for dei er at begge er negative til dagens situasjon, og skuldar på forvaltninga og därleg regulering av turismen, trass i at dei ser på fordelane frå turismen som større enn ulempene.

Kva gjeld dei økonomiske effektane av turismen, er det generelt ei brei einighet om at desse er positive for lokalsamfunnet og kjem dei sjølve til gode. Denne oppfatninga gjeld spesielt den landbaserte turismen. Til dømes sysselsetting, eit høgare investeringsnivå og tilflytting var positive effektar som vart nemnt. Når det gjeld cruiseturismen var oppfatninga kring økonomiske effektar derimot mindre tydelege og mindre positive. IP-5 og IP-7 oppfatta til dømes berre negative effektar frå cruiseturismen, og hadde ei tilsvarande negativ haldning til den. Generelt vil eg seie at respondentane ikkje uttrykte nokon klare opplevde økonomiske fordelar av cruiseturismen, i alle fall ikkje direkte effektar. Fordelar som vart nemnt i samband med cruiseturismen var stort sett dei indirekte effektane, som at dei fungerer som marknadsføring og genererer fleire, og andre typar, turistar til Flåm. Dei pengane dei legg att på land oppfattar informantane at blir hjå dei som får pengane, som til dømes havnevesenet. Informantane kritiserer at dei som tener pengane på cruisetrafikken ikkje gjer ein innsats for å minske ulempene innbyggjarane i Flåm har med cruisetrafikken. Slik sett er ujamn fordeling av godane frå turismen (nokon får inntekta medan alle får ulempene) ein negativ økonomisk effekt av turismen, noko som samsvarer med kva Easterling (2005) og fann i sin studie.

I grove trekk var det miljøeffektane frå turismen som vog tungt, og verka å vere utslagsgjevande, i dei tilfella der ulempene vog tyngre enn fordelane. Dette i

kombinasjon med at dei økonomiske fordelane heller ikkje var oppfatta å vere så store eller, som sagt, ujamt fordelt.

Bytteteorien verkar å forklare kva som ligg bak haldningane i ein viss grad, men i hovudsak er det måten turismen blir handtert og forvalta som verkar å vere hovudfokuset hjå informantane samt spele mest inn på haldningane deira. Ei kjensle av mangel på regulering og kontroll, og ei oppfatning av at dette er årsaken til store deler av ulempene dei har frå turismen, vitnar om dette. Det kan altså verke som om dei legg større vekt på korleis turismen kunne vore regulert for å minske desse ulempene, enn kva dei gjer angåande turismen som skuldig i å forårsake det. Eg tenkjer altså slik at balansen av fordelane i forhold til ulempene er av mindre betyding for haldningane til informantane kva gjeld dagens situasjon i Flåm, da dette blir overskygga av frustrasjon kring dårleg regulering av turismen og mistru til forvaltninga.

Aurland kommune står står òg i ei særstilling i Flåm på grunn av sitt eigarforhold i Flåm AS, og slik blir ein aktør både på forvaltingssida og næringssida. Ap (1992) foreslår at det kan oppstå konflikt og spenning om aktørane opplev utvekslingsforholdet som ubalansert, og der ein av aktørane kan ha eit maktovertak over ein annan. Eit slik maktovertak kan verke å vere oppfatta blant fleire av informantane i denne studien kva gjeld Aurland kommune, som ein stor og mektig aktør i den vesle bygda. I tillegg til misnøye med utøvinga av forvaltarrolla til kommunen kan denne dobbeltrolla, som ein aktør på både forvaltingssida og næringssida, vere med på å auke denne spenninga ytterlegare. Denne dobbeltrolla blir oppfatta som lite tillitsvekkande av fleire av mine informantar. Det kan tenkje seg at ei eventuell kjensle av maktovertak frå kommunen si side i denne studien kjem til uttrykk som misnøye med forvaltninga, og at denne førestellinga kunne vore endra om informantane har følt seg meir ivaretake.

6.2.2 Tilknyting til lokalsamfunnet

Tilknyting til lokalsamfunnet har tidlegare vist å påverke kva haldningar innbyggjarane har til turismen i lokalområdet sitt (McCool & Martin 1994; Um & Crompton 1987). I denne studien har eg sett på kva tilknyting informantane har til lokalsamfunnet i Flåm, og omgjevnadene i kring, for å sjå om dette kan vere med på å forklare kva som ligg bak

haldningane deira. Informantane sin grad av tilknytinger i denne studien vurdert utifrå butid og familie i området, involveringsgrad i lokalsamfunnet (aktive med verv eller i foreiningar), samt ei overordna oppfatning om tilknyting utifrå andre forhold som kom fram i intervjuet.

Tidlegare studiar viser at funna kva gjeld lokalbefolkninga si tilknyting og sine haldningar til turismen er motstridane, men det blir likevel hevdat at det er ein tendens at innbyggjarane med sterkt tilknyting ser på turismeutvikling som meir gunstig, og er meir positive til dette enn mindre tilknytte innbyggjarar (Gursoy et al. 2002; Harrill 2004). I denne studien er det ikkje noko klart mønster når det gjeld samanhengen mellom haldning til turismen og tilknyting til lokalsamfunnet og omgjevnadene rundt. Av **Tabell 3** ser vi at det berre er IP-2 og IP-8 som karakteriserast som sterkt tilknytt og med ei positiv haldning til dagens turismesituasjon i Flåm, medan IP-1, IP-5 og IP-7, som òg er sterkt tilknytte, i motsetning har negative haldningar. IP-4 har eg tolka å ha ei svak tilknyting og ei positiv haldning til turismen i Flåm i dag, noko som og skil seg frå tendensen funne av Gursoy et al. (2002) og Harrill (2004). IP-3 og IP-6 var vase i sine utsegn, og difor vanskelege å sette i bås. Eg har kategorisert IP-3 som relativt tilknytt til området, trass i at ho fløt hit i 2001, med ei nøytral haldning til turismen i Flåm. Tilknytinga til IP-6 er noko uklar, eller ein kan kanskje heller seie samansett, da eg tolka ho som sterkt tilknytt til naturen kring Flåm, men med ei meir uklar tilknyting til lokalsamfunnet (blant anna innflyttar). IP-6 har eit negativt syn på dagens situasjon med turismen i Flåm, noko som og er eit avvik frå tendensen påpeikt av Gursoy et al. (2002) og Harrill (2004). I denne studien kan den påpeikte tendensen altså berre sjåast hjå IP-2 og IP-8, medan resten av funna strider mot det mønsteret som er sett på som gjeldande.

Sterkt tilknytt med ei positiv haldning

Samanhengen mellom haldningane og tilknytingsgraden til IP-2 og IP-8 støttar opp om tilknytingsgrad som ein forklarande faktor kva gjeld lokalbefolkninga sine haldningar til turisme, jamfør tendensen observert av Harrill (2004) og Gursoy et al. (2002). Dei er begge kategorisert som sterkt tilknytt og med positive haldningar til turismen i Flåm. IP-2 er ei eldre dame som har budd i Flåm i heile sitt liv, og har verkeleg opplevd utviklinga

som har skjedd. Det verkar som at ho ønskjer turismeutviklinga velkommen med bakgrunn i at ho oppfattar denne utviklinga som ein grunn til velstandsauka i bygda. At ho har vore vitne til ei velstandsauke i takt med ei auke i turismen kan sjåast som ei forklaring av hennar positive haldning til turismen og turismeutviklinga i Flåm. IP-8 er mindre spesifikk, men uttrykkjer som forventa, med utgangspunkt i funna i studien av Gursoy et al. (2002), eit stort ønskje om å forbetra økonomien i lokalsamfunnet gjennom turismen i Flåm.

Uklar tilknyting og haldning

Til grunn for dei negative haldningane til IP-6 ligg ei misnøye med forvaltninga og reguleringa av turismen, og ei oppfatning av store negative, miljømessige effektar av turismen. I følgje McCool og Martin (1994) kan det tenkje seg at nykommarar (i likskap med IP-6), i motsetning til langtidsbuande, responderer på målinga av tilknyting utifrå ei annan referanseramme enn langtidsbuande. Vidare foreslår dei at nykommarar tek utgangspunkt i naturen og landskapet rundt, medan langtidsbuande gjerne legg vekt på mellommenneskelege relasjonar. Det kan verke som om dette gjer seg gjeldande i situasjonen med IP-6, jamfør tidlegare utgreiing om tilknytingsgraden hennar, og at dette kan vere forklaringa på at tendensen nemnt av Gursoy et al. (2002) og Harrill (2004) ikkje slår til i dette tilfellet.

IP-3 held ei nøytral haldning til dagens situasjon med turismen i Flåm, og det er vanskeleg å sjå nokon samanheng med tilknytingsgrad her.

Sterkt tilknytt med ei negativ haldning

Mönsteret i dei oppfatta effektane av turismen til IP-1 og IP-5, begge sterkt tilknytte, samsvarar godt med funna gjort av Jurowski et al. (1997), som fann at sterkt tilknytte innbyggjarar evaluerte sosiale- og økonomiske verknader positivt, men miljømessige verknader negativt. I motsetning til kva Jurowski et al. (1997) fann legg IP-1 og IP-5 større vekt på dei negative effektane, spesielt miljømessige effektar, enn kva gjeld fordelane, og utkomet er ei negativ haldning til dagens situasjon med turisme i Flåm.

Dette byggjer opp om mi tidlegare nemnte forståing av at dei sterkt tilknytte innbyggjarane har ei kjensle av ansvar ovanfor lokalsamfunnet og dei verdiane som finns

her. Det kan tenkje seg at IP-1 og IP-5 ser på dei miljømessige effektane som ein trussel mot det Flåm som dei kjenner og ønskjer å ivareta og bygge opp om. Dei er begge bevisste på at turismen er viktig for lokalsamfunnet med tanke på sysselsetting og inntekt for mange, og kanskje nettopp difor uroa for kva desse miljøeffektane kan ha å seie for Flåm som turistmål. IP-1 uttrykkjer blant anna at han ønskjer at ungane hans skal flytte attende til Flåm, og seier at da treng dei jo noko å drive med, noko å leva av. Dette kan vere ein av grunnane til at han er uroa for miljøeffektane og ein påfølgande fallande attraktivitet for Flåm som reisemål, og resulterer i ei negativ haldning.

Med utgangspunkt i denne tolkinga vil eg støtte opp om Jurowski et al. (1997) sitt funn kva gjeld IP-1 og IP-5, men i denne studien vog dei negative, miljømessige effektane derimot så tungt at det totale utkomet resulterte i negative haldningar for situasjonen med turisme i Flåm i dag.

IP-7 var ikkje like tydeleg på at turismen og gav positive verknader i tillegg til i dei negative konsekvensane, slik som IP-1 og IP-5. IP-7 vart kategorisert som sterkt tilknytt med negativ halding til turismen i Flåm i dag, eit funn som samsvarar med dei gjort Um og Crompton (1987), som i sin studie fann at dess sterkare tilknytt ein var til samfunnet dess mindre positivt oppfatta dei turismen. Av Harrill (2004) og Gursoy et al. (2002) blir dette sett på som eit unntak frå ”regelen,” men denne situasjonen med IP-7 er med på å byggjer opp under at funna er motstridane kva gjeld støtte for at sterkt tilknytte innbyggjarar har ein tendens til å vurdere turismen som meir gunstig og positiv enn dei mindre tilknytte innbyggjarane.

I likskap med McCool og Martin (1994) fann eg i denne studien at IP-5, og IP-7 spesielt, òg var uroa for om fordelinga av kostnadene av turismeutviklinga var rettferdig. Blant anna tvila IP-5 og IP-7 på om kostnadene ved auka kapasitet for infrastrukturen vart dekka av turistane sjølve og ikkje i form av skatt for innbyggjarane. I studien til McCool og Martin (1994) var derimot dei sterkt tilknytte med denne førestellinga likevel positive til turismen og turismeutviklinga. Dette kan vise at sjølv om tendensen nemnt av Gursoy et al. (2002) og Harrill (2004) er påvist av McCool og Martin (1994), kan det nemnte forholdet (med opplevd ujamn fordeling) gjere seg gjeldande og kanskje til og med vere

utslagsgivande for resultatet av balansen mellom dei oppfatta fordelane og ulempene. Det kan tenkje seg at i denne studien vog det opplevde misforholdet kva gjeld fordelinga av kostnadene tyngre enn dei opplevde fordelane. IP-7 opplev i tillegg at pengane ikkje blir lagt i arbeidet med å minske dei negative effektane frå turismen, eller tilrettelegging generelt. Til saman kan dette vere ein del av forklaringa på kvifor forholdet mellom tilknytingsgrad og haldning ikkje samsvarar med den nemnte tendensen for IP-7.

Andre faktorar som kan spele inn

Som vi ser forklarar korkje bytteteorien eller teorien om tilknyting fullt ut kva som ligg bak haldningane til informantane i studien. Som Andereck et al. (2005) og Deery et al. (2012) påpeikar er det òg andre faktorar enn dei desse to teoriene omfattar som spelar inn på kva haldningar innbyggjarane har til turismen.

Til dømes oppfatta eg IP-5 som svært idealistisk, noko den politiske ståstad han gav opp og bygger opp under. Eg vil karakterisere han som svært miljøoppteke, noko som kan tenkje seg å spele inn på haldningane han har til turismen i Flåm, da det kan verke som om denne turismeutviklinga går på tvers av dei verdiane han har. At politisk syn kan vere ein påverkingsfaktor er støtta av blant anna Deery et al. (2012).

Sharpley (2014) foreslår og, med utgangspunkt i Deery et al. (2012), at nærværet og verknaden frå turismen kan vere mindre viktig, eller til og med akseptert, når ein tek val om kvar ein skal bu. Han meiner at andre faktorar kanskje veg tyngre, og at det difor blir ein slags "trade off," og at dei kan tolerere turismen da staden har andre kvalitetar dei verdset høgt. Med tanke på IP-3 kan nok dette stemme godt, da det verkar som om ho lev mest på vinteren, i lågsesongen, medan det i høgsesongen handlar mest om å tilfredsstille gjestane. Det tyder på at ho har tilpassa seg dette livet, og trivst med denne sesongfordelinga. IP-4 fortel og om ei liknande tilpassing. Om vinteren slappar dei av og har rolege dagar, deltek i samfunnslivet og møter vene og familie. IP-3 uttrykkjer og at ho ikkje ønskjer å utjamne denne skilnaden mellom sumar og vinter. Eg tolkar dette slik at dei "held ut" om sumaren, men tek det att i lågsesongen med god tid og rolege dagar, og at dette er ein kvalitet dei verdset høgt. Dette kan vere ein av forklaringane på at dei

har ein stor toleranse for dagens situasjon med turismen i Flåm, med eit høgt trykk over nokre sumarmånader.

Tosun (2002) og Easterling (2005) nemnar grad av medverking i utviklingsprosessen som ein av faktorane som påverkar haldningane til lokalbefolkninga. Det er vist at dess meir involvert innbyggjarane er i denne prosessen, dess meir positive er haldningane deira til samfunnsendring og turismeutvikling (Easterling 2005). Dette var i utgangspunktet ikkje eit aspekt i intervjuguiden i denne studien, men utifrå intervjua kom det fram at fleire av informanatane følte seg tilsidesett og overkjørt når det gjeld planleggings- og utviklingsprosesserar i Flåm. Det kan verke som om dette kan vere med på å bygge opp under negative haldninga til turismen. Ein ting er å ikkje vere einig med kva som blir gjort, men ein annan ting er å ikkje bli høyrt på i det heile teke. Spesielt når det gjeld IP-1 og IP-7 verkar dette å kunne vere ein del av forklaringa.

Sharpley (2014) har kritisert tidlegare forsking på dette temaet for å fokusere for lite på innbyggjarane sine handlingar til turismen. Han hevdar at lokalbefolkninga sine haldningar til turismen er mindre viktig, da det er responsen dei viser til turistane og støtta til næringa lokalt som er utslagsgjenvande for suksessen til den lokale turismenæringa. I følgje Butler (1980) kan negative haldningar og vere eit symptom på at tålegrensa er nådd, eller nær føreståande. Negative handlingar kan slik vere eit tidleg signal på ein føreståande reduksjon i attraktivitet og besøkstal på destinasjonen, som blant anna følgje av at negative haldningar etterkvart kan bli uttrykt i handlingar. Om ein ikkje tek raskt nok grep ved nedgangen i attraktiviteten til ein destinasjon, kan trenden vere vanskeleg å snu (Butler 1980). Ved å undersøkje haldningane i staden for responsen, som Sharpley (2014) tidlegare har etterlyst, meiner eg ein har betre føresetningar for å unngå at destinasjonen får eit dårleg rykte da ein kan avdekke dette på eit tidlegare stadium (responsen spring ut av haldningane). Viktigheita av haldningane i seg sjølv, som eit uttrykk for tilfredsleita med situasjonen, kan heller ikkje sjåast burt i frå. I situasjonar der det viser seg at innbyggjarande undertrykker haldningane sine for å skape god service og profitt, er haldningane i seg sjølv likevel viktige. Ikkje minst er haldningane viktige i

eit berekraftperspektiv, og i denne studien kan positive haldningar sjåast på som eit mål for kor godt lokalsamfunnet er ivareteke, i samsvar med krav frå UNESCO.

6.3 Tålegrense for turismen i Flåm

Diskusjonen her om eistålegrense for turismen i Flåm byggjer berre på informantane sine utsegn, og er altså slik ikkje ei vurdering eller kartlegging av den faktiske situasjonen men ei tolking av situasjonen med utgangspunkt i korleis informantane i denne studien ser den. Med dette som utgangspunkt kan derimot denne diskusjonen vere eit bidrag når det gjeld den sosiale faktoren i identifiseringa av eiståleevne for turismen i Flåm. Butler (1980) foreslår at ein kan identifisere om bereevna er nådd gjennom ulike faktorar, ein miljøfaktor, ein faktor om fysiske anlegg og ein faktor som omhandlar dei sosiale aspekta.

Med utgangspunkt i Butler (1980) sin identifisering av bereevna gjennom ulike faktorar kan mykje tyde på at ein nærmar seg dennestålegrensa i Flåm i følgje informantane i denne studien. Kva angår miljøfaktoren gjer både knappheit på areal, og misnøye med vasskvaliteten og luftkvaliteten seg gjeldande. Når det gjeld knappheit på areal er IP-7 sitt utsegn om bussparkering på fotballplassen eit tydeleg teikn på dette. Faktoren om fysiske anlegg kan og verke å nærme segstålegrensa, og fleire av informantane nemnte spesielt at kapasiteten på Flåmsbana er sprengt. Det vart og nemnt at fleire turistar som kjem til Flåm nettopp for å oppleve denne togturen må reise att med uforretta sak, grunna sprengt kapasitet. Ein kan derfor diskutere om ikkjestålegrensa for denne faktoren difor allereie er nådd. Det er tydeleg at turismen har mista støtte hjå somme i lokalsamfunnet, noko som til dømes kjem tydeleg fram av tidlegare avisoppslag om rundballprotest, og ikkje minst i intervjuet med IP-5 og IP-7 spesielt. Misnøye og manglande støtte hjå lokalbefolkinga går under den sosiale faktoren, saman med kjensle av trengsel. Fleire av informantane i denne studien har ei oppfatning om at turismen fører til trengsel, blant anna kjem det fram at innbyggjarane unngår å handle på butikken i Flåm i høgsesongen på grunn av dette. Samstundes er det vanskeleg å seie kva stor betyding dette eigentleg har, da det kan verke som om innbyggjarane tilpassar seg sesongvariasjonane godt, og godtek at det er

mykje folk i høgsesongen og at dei då må tåle å stå i kø eller reise til Aurlandsvangen for å handle i staden.

IP-1, med støtte frå fleire av informantane, føler at turismeutviklinga i Flåm er ute av styring og får utvikle seg heilt planlaust. Utsegn om at det ”må settast eit tak” tyder på at dei har ei oppfatning om at dette er noko forvaltninga ikkje tek omsyn til, og i følgje Butler (1996) er konseptet med tåleevne generelt retta lite merksemrd i utviklinga av destinasjonar. Fleire av informantane uttrykte uro for framtida til Flåm som turiststad med bakgrunn i ei oppfatning om at det finns ei tåleevne for turismen i Flåm, og kva konsekvens planlaus utvikling da kan få. Spesielt vart potensielle konsekvensar av at negative haldningar blir uttrykt i offentlegheita, som til dømes saka med rundballprotesten, nemnt. Fleire fryktar at dette kan føre til at turistane ikkje føler seg velkomne, og at det skal spreie seg eit därleg rykte om Flåm. Tankegangen om at attraktiviteten kunne falle grunna for mykje trengsel og for stor kommersialisering vart og uttrykt av fleire. Denne uroa for framtida, med tanke på at Flåm skal miste attraktiviteten og det gode omdøme sitt som turistmål, kan sjåast som eit teikn på at dei ønskjer fortsatt turisme framover, dei ønskjer å ta vare på Flåm som ein turismedestinasjon samstundes som det tydeleg kom fram at dei alle ønskte å ta vare på det Flåm dei kjenner og naturen rundt. Her gjer miljøfaktoren seg gjeldande, samstundes som IP-5 illustrer godt eit anna perspektiv av dette med utsegna ”så sit vi att her med kinatroll og rallartog da.” I følgje Butler (1980) treng ikkje denne spådommen å vere så langt frå predikasjonane om kva som kan skje om ein lar drivkrafta i utviklinga styre. Butler (1980) hevdar nemleg at truleg vil dei naturlege og genuine kulturattraksjonane vere bytt burt mot importerte suvenirar når besøksstaden når stagneringsstadiet.

IP-5 meiner at løysinga er færre folk som betalar betre, slik at ein får mindre slitasje men meir pengar. IP-6 meiner og at dei må gjere seg meir eksklusive. Dette krev regulering og kontroll frå forvaltninga si side, for som Butler (1996) hevdar vil ein ved å utelate konseptet med tåleevne i forvaltninga av ein destinasjon endre besøksprofilen mot dei som er mest tolerante ovanfor ein høg grad av bruk. Dette kan sjåast i samanheng med Plog (2001) sin teori om at ein destinasjon tiltrekker seg ulike menneske på ulike

utviklingsstadium. Turistgruppa som ønskjer å besøkje velutvikla destinasjonar brukar og, i følgje Plog (2001), mindre pengar på destinasjonen enn kva turistar som tiltrekks seg staden på eit tidlegare utviklingsstadium gjer. Ved da å la utviklinga fortsette utan å rette seg etter ei tåleevne vil destinasjonen gjere seg sjølv avhengig av eit stort volum besøkande, da kvar gjest legg att lite pengar. Det verkar som om det er dette IP-5 og IP-6 siktat til da dei ønskjer å gjere seg meir eksklusive. Verknadene på besøksstaden vil derimot svara til talet på besøkande, uavhengig av kor mykje pengar kvar gjest legg att, noko IP-1 er inne på da han seier at ved ei avgrensing i besøkande vil dei få meir pengar og mindre slitasje.

På eit høgt utvikla stadium vil og større selskap ha teke over for dei små lokale bedriftene (Butler 1980), og den lokale verdiskapinga kan slik ha vorte noko svakare enn kva den var på eit tidlegare stadium. Dei pengane som da faktisk blir brukt på besøksstaden treng slik ikkje å koma lokalsamfunnet til gode. Dette er og noko fleire av informantane har vore inne på i denne studien. Det er av fleire hevda at det er dei store selskapa, og Flåm AS spesielt, som sit att med størsteparten av fortenesta, medan mange i lokalbefolkninga derimot får dei negative effektane av turismen, i form av røyk og støy.

IP-5 og IP-6 argumenterte tydeleg for at Flåm som destinasjon burde sette taket lågare enn tilfellet er med dagens situasjon, og gjere seg meir eksklusiv. IP-1 meiner derimot at taket på turismen i Flåm er avhengig av tilrettelegginga. Han seier at turismen i Flåm har nådd eit tak for lengje sidan, men hevdar vidare at om ting blir gjort annleis kan dei ta i mot fleire turistar. I dette ligg det ei oppfatning om at taket for turismen i Flåm ikkje er konstant, og kanskje og ei overtyding om at Flåm har ein potensiell kapasitet for ei fortsatt auke i besøkande. Kanskje er denne meiningsa om at dei kunne teke imot fleir turistar om tilrettelegginga har vore betre eit uttrykk for ei negativ haldning til dagens forvaltninga heller enn mot turismen, da det i dette kan ligge at han meiner at forvaltninga ikkje legg til rette for ei optimalisering av turismen?

IP-1 verkar i alle fall å meine at tålegrensa for turismen i Flåm ligg på eit høgare nivå enn kva IP-5 og IP-6 gjer. Om ein følgjer Plog (2001) sin teori favoriserer han og slik ein annan type turistar, altså dei som er mange og ønskjer ein høg utviklingsgrad i forhold til å tilby eit eksklusivt produkt for få besøkande.

7 Konklusjon og implikasjon

Denne studien har presentert kva haldningar eit utval av innbyggjarane i Flåm har til turismen i lokalområdet sitt, samt forsøkt å gje ei djupare innsikt i kva som ligg til grunn for desse haldningane. Denne innsikta er viktig for å forbetre situasjonen for innbyggjarane (Deery et al. 2012), samt å oppretthalde attraktiviteten for og turismen i Flåm over tid. Tåleevna til innbyggjarane kva gjeld turismen, og verknadene som følgjer med, er eit av måla på eit berekraftig reiseliv og eit viktig aspekt for suksessen til turismen i området (Allen et al. 1988; Saveriades 2000). Denne studien har også presentert informantane sine tankar om eit tak kva gjeld turismen i Flåm, og drøfta dette opp mot ei táleevna for destinasjonen.

Denne studien viste at dei ulike informantane hadde blanda haldningar til turismen i Flåm i dag. Derimot var det ei generell oppfatning at alle ønskte å ha turisme i Flåm, som eit levebrød for mange og ein del av Flåm si historie, men det var ueinigheter i omfanget av tursimen og måten turismen vart forvalta på. Eg fann ikkje noko eintydig mønster kva gjeld forholdet mellom informantane sine haldningar og dei to teoriane eg nytta (bytteteorien og teori om innbyggjarane si tilknyting til lokalsamfunnet), men eg fann til ein viss grad støtte i bytteteorien da den viste seg å vere gjeldande for seks av åtte informantar. Kva gjeld teorien om tilknyting, fann eg derimot at forholdet mellom haldningane og tilknytingsgrad berre samsvarar med tendensen påpeika av Gursoy et al. (2002) og Harrill (2004) (sterkt tilknytte innbyggjarar har ei positiv haldning til turisme og turismeutvikling) for to av åtte informantar.

Det viste seg òg at dei fleste av informantane hadde tankar om at det finns eit tak for turismen i Flåm, og fleire meinte òg at dette taket allereie var passert. Miljøeffektane av turismen sto her fram som ein av dei største negative påverkingsfaktorane og grunnane til dette. Med utgangspunkt i denne oppfatninga til informantane kan det verke som om tálegrensa for turismen i Flåm snart er nådd. Kvar denne tálegrensa går er det derimot ulike oppfatningar om, og ein av informantane meiner blant anna at dette er avhengig av tilrettelegging, god forvaltning og god planlegging. Dette er noko fleire av informantane i denne studien etterlyser kva gjeld dagens situasjon med turismen i Flåm, og eg sit att med ei oppfatning av at for somme er nettopp mangel på dette ein av hovudgrunnane til at dei

sit med ei negativ haldning til turismen i Flåm. Det kan tenkje seg at tendensen nemnt av Kaae (1999) og gjer seg gjeldande i Flåm, og at dess lengre utviklinga går dess meir interessert blir innbyggjarane i turismeplanlegginga, utan at moglegheitene for å påverke utviklinga blir endra. Ei etterlysing av denne moglegheita oppfatte eg hjå fleire av informantane i denne studien.

Involvering og grad av medverking i prosessane kring planlegging og forvaltninga er vist å ha stor betydning for kva haldningar lokalbefolkninga har til turismen (Easterling 2005; Tosun 2002). Utsegn frå informantane i denne studien kan tyde på at dette òg gjeld i Flåm. Dette er ei innsikt ein bør ta med seg i den vidare jobben med ei berekraftig lokalsamfunnsutvikling og turismeutvikling i Flåm, for å skape positive haldningar og større trivsel blant lokalbefolkninga, samt slik legge grunnlag for ein attraktiv destinasjon og ei lønsam turistnærings på lang sikt. Lokal kontroll og engasjement i planlegging og utvikling av reiselivet er òg nemnt som viktige prinsipp i eit berekraftig reiseliv (Innovasjon Norge u.å). Om kommunen nyttar moglegheitene til å skape gode prosessar for medverking og involvering av lokalbefolkninga i planprosessane kan mykje tyde på at reiselivet vil fortsette i bygda ved ein av verdas vakraste fjordar – om det blir fortsatt masseturisme eller om ein kjem fram til at det skal settast eit lågare tak.

Som Harrill (2004) påpeikar, er lokalbefolkninga si haldning til turismeplanlegging, openbart, eit viktig tema for framtidig forsking. Denne tanken støttar eg fullt ut som følgje av funn i denne studien. Eg foreslår denne studien som eit utgangspunkt for vidare forsking på og kartlegging av situasjonen med innbyggjarane og turismen i Flåm. Ei kvantitativ undersøking hadde blant anna vore ei interessant tilnærming for å famne om fleire av innbyggjarane og få eit meir fullstendig bilet av situasjonen.

8 Litteraturliste

- Allen, L. R., Long, P. T., Perdue, R. R. & Kieselbach, S. (1988). The impact of tourism development on residents' perceptions of community life. *Journal of travel research*, 27 (1): 16-21.
- Andereck, K., Valentine, M. K., Knopf, C. R. & Vogt, A. C. (2005). Residents' perceptions of community tourism impacts *Annals of Tourism Research*, 32: 1056-1076.
- Andereck, K. L. (1995). Environmental consequences of tourism: a review of recent research. *General Technical Report-Intermountain Research Station, USDA Forest Service* (INT-323): 77-81.
- Ap, J. (1992). Residents' perceptions on tourism impacts. *Annals of tourism Research*, 19 (4): 665-690.
- Ap, J. & Crompton, J. L. (1998). Developing and testing a tourism impact scale. *Journal of travel research*, 37 (2): 120-130.
- Aurland Hamn. (2016a). *Skipsanløp 2015*. Tilgjengelig fra: <http://aurlandhavn.no/cruise/skipsanlop-2015/> (lest 21.04.2016).
- Aurland Hamn. (2016b). *Skipsanløp 2016*. Tilgjengelig fra: <http://aurlandhavn.no/cruise/skipsanlop-2016/> (lest 21.04.2016).
- Aurland kommune. (2013). *Aurland ressursutvikling AS*. Aurland kommune.no. Tilgjengelig fra: <http://www.aurland.kommune.no/aurland-ressursutvikling-as.169414.nn.html> (lest 28.04.2016).
- Aurland kommune. (2015). *Om Aurland*. Tilgjengelig fra: <http://www.aurland.kommune.no/om-aurland.160870.nn.html> (lest 21.04.2016).
- Brunt, P. & Courtney, P. (1999). Host perceptions of sociocultural impacts. *Annals of tourism Research*, 26 (3): 493-515.
- Butler, R. W. (1980). The concept of a tourist area cycle of evolution: Implications for management of resources. *Canadian Geographer*, 24: 5-12.
- Butler, R. W. (1996). The concept of carrying capacity for tourism destinations: dead or merely buried? *Progress in tourism and hospitality research*, 2 (3-4): 283-293.
- Butler, R. W. (1999). Sustainable tourism: A state-of-the-art review. *Tourism geographies*, 1 (1): 7-25.
- Deery, M., Jago, L. & Fredline, L. (2012). Rethinking social impacts of tourism research: A new research agenda. *Tourism Management*, 33 (1): 64-73.
- Diedrich, A. & García-Buades, E. (2009). Local perceptions of tourism as indicators of destination decline. *Tourism Management*, 30 (4): 512-521.
- Easterling, D. S. (2005). The residents' perspective in tourism research: A review and synthesis. *Journal of Travel & Tourism Marketing*, 17 (4): 45-62.
- Falleth, E. & Hanssen, S. G. (2012). Medvirkning i planlegging. I: Aasæther, N., Falleth, E., Kristiansen, R. & Nyseth, T. (red.) *Uffordringer for norsk planlegging: kunnskap, bærekraft, demokrati*, s. 334. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Gursoy, D., Jurowski, C. & Uysal, M. (2002). Resident attitudes: A structural modeling approach. *Annals of tourism research*, 29 (1): 79-105.

- Harrill, R. & Potts, T. D. (2003). Tourism planning in historic districts: Attitudes toward tourism development in Charleston. *Journal of the American Planning Association*, 69 (3): 233-244.
- Harrill, R. (2004). Residents' Attitude toward Tourism Development: A Literature Review with Implications for Tourism Planning. *Journal of Planning Literature*, 18.
- Indrelid, S. (2003). *Soga om Flåm, band 1: Bygdi*. Aurland bygdebok: Aurland Sogelag. 383 s.
- Innovasjon Norge. (2013). *Nøkkeltall for norsk turisme 2013*. Tilgjengelig fra: <http://www.innovasjonnorge.no/Global/Reiseliv/n%C3%B8kkelbrosjyre2013.pdf>.
- Innovasjon Norge. (u.å). *10 prinsipper for et bærekraftig reiseliv*. innovasjonnorge.no. Tilgjengelig fra: <http://www.innovasjonnorge.no/no/Reiseliv/Baerekraftig-reiseliv/Prinsipper-for-et-barekraftig-reiseliv/-VpTLEvEvDOo> (lest 12.01).
- Johannessen, A., Christoffersen, L. & Tufte, P. A. (2004). *Forskningsmetode for økonomisk-administrative fag*. 3. utg.: Abstrakt forlag. 490 s.
- Jurowski, C., Uysal, M. & Williams, D. R. (1997). A theoretical analysis of host community resident reactions to tourism. *Journal of travel research*, 36 (2): 3-11.
- Kamfjord, G. (2011). Ansvarlig reiseliv. I: b. bind 1-Innføring *Det helhetlige reiselivsproduktet*, s. 299-313.
- Kim, K., Uysal, M. & Sirgy, M. J. (2013). How does tourism in a community impact the quality of life of community residents? *Tourism Management*, 36: 527-540.
- Kobro, L. U., Vareide, K., Haukeland, P. I. & Jervan, B. (2013). Duett eller duell? Reiseliv og lokalsamfunnsutvikling, 8274016289: Telemarksforsking. 78 s.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. 2. utg.: Gyldendal Norsk Forlag. 344 s.
- Kaae, C. B. (1999). *Living with Tourism: Exploration of destination sharing and strategies of adjustment to tourism*. Doktorgrad. Hørsholm: The Royal Veterinary and Agricultural University, Department of Economics and Natural Resources, Unit of Landscape.
- Lee, C.-K., Kim, S.-S. & Kang, S. (2003). Perceptions of casino impacts - a Korean longitudinal study. *Tourism Management*, 24 (1): 45-55.
- Lee, T. H. (2013). Influence analysis of community resident support for sustainable tourism development. *Tourism Management*, 34: 37-46.
- McCool, S. F. & Martin, S. R. (1994). Community attachment and attitudes toward tourism development. *Journal of Travel research*, 32 (3): 29-34.
- McGehee, N., Andereck, K. L. & Vogt, A. C. (2002). *An Examination of Factors Influencing Resident Attitudes Toward Tourism in Twelve Arizona Communities*. Travel and Tourism Research Association Conference.
- McGehee, N. G. & Andereck, K. L. (2004). Factors predicting rural residents' support of tourism. *Journal of travel research*, 43 (2): 131-140.
- Norges Verdensarv. (u.å-a). *Hva er Verdensarv?* Tilgjengelig fra: <http://www.norgesverdensarv.no/om-verdensarv.127100.no.html> (lest 10.04).
- Norges Verdensarv. (u.å-b). *Verdensarvlistens historie*. Tilgjengelig fra: <http://www.norgesverdensarv.no/historikk.137034.no.html> (lest 10.04).

- Norges Verdensarv. (u.å-c). *Vestnorsk Fjordlandskap*. Tilgjengelig fra:
<http://www.norgesverdensarv.no/vestnorsk-fjordlandskap.134753.no.html> (lest 09.04).
- Nunkoo, R., Smith, S. L. & Ramkissoon, H. (2013). Residents' attitudes to tourism: A longitudinal study of 140 articles from 1984 to 2010. *Journal of Sustainable Tourism*, 21 (1): 5-25.
- Nærings- og Handelsdepartementet. (2012). Destinasjon Norge - Nasjonal strategi for reiselivsnæringen: Nærings- og Handelsdepartementet. 92 s.
- Nærøyfjorden Verdsarvpark. (2015). *Prosjektskildring - Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling*. Upublisert manuskript.
- Nærøyfjorden Verdsarvpark, NMBU, Transportøkonomisk institutt & Regionalt Forskningsfond Vestlandet. (2015). *Foreløpig upublisert materiale fra prosjektet Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling*. Upublisert manuskript.
- Pearce, P. L., Moscardo, G. & Ross, G. F. (1996). *Tourism community relationships*. Oxford: Pergamon.
- Perdue, R. R., Long, P. & Gustke, L. (1991). The Effects of Tourism Development on Objective Indicators of Local Quality of Life. *Travel and Tourism Association 22nd Annual Proceedings*, 22: 191-201. (Sitert etter Andereck et al. (2005)).
- Plan- og bygningsloven. (2008). *Lov om planlegging og bygesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 27*. Tilgjengelig fra: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71> (lest 26.04.2008).
- Plog, S. (2001). Why destination areas rise and fall in popularity. *Cornell Hospitality Quarterly*, 42 (3): 13.
- Rosenow, J. E. & Pulsipher, G. L. (1979). *Tourism: The good, the bad, and the ugly*. Kansas City: Media Publishing.
- Saveriades, A. (2000). Establishing the social tourism carrying capacity for the tourist resorts of the east coast Republic of Cyprus. *Tourism Management* 21: 147-156.
- Sharpley, R. (2014). Host perceptions of tourism: A review of the research. *Tourism Management*, 42: 37-49.
- Statistisk sentralbyrå. (2016). *Folkemengde, etter grunnkrets, tid og statistikkvariabel*. ssb.no. Tilgjengelig fra:
<https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectout>ShowTable.asp?FileformatId=2&Queryfile=20164814620296886249FolkGrunnkrKom&PLanguage=0&MainTable=FolkGrunnkrKom&potsize=2> (lest 08.04.2016).
- Storvik, F. H., Vengen, E. E. & Rotihaug, M. (2014). *Rundballprotest mot cruiseturismen i Flåm - turistane regerer med frykt*. nrk.no: NRK. Tilgjengelig fra:
<http://www.nrk.no/sognogfjordane/protest-mot-cruiseskip-1.11838515> (lest 08.04.2016).
- Tjora, A. (2010). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. 1. utg. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag. 218 s.
- Tosun, C. (2002). Host perceptions of impacts: A comparative tourism study. *Annals of tourism research*, 29 (1): 231-253.
- Um, S. & Crompton, J. L. (1987). Measuring resident's attachment levels in a host community. *Journal of Travel Research*, 26 (1): 27-29.
- UNESCO World Heritage Centre. (2015). Operational Guidelines for the Implementation of the World Heritage Convention.

- UNESCO World Heritage Centre. (u.å-a). *West Norwegian Fjords - Geirangerfjord and Nærøyfjord*. Tilgjengelig fra:
http://whc.unesco.org/en/list/1195/multiple=1&unique_number=1372 (lest 21.04.2016).
- UNESCO World Heritage Centre. (u.å-b). *World Heritage List*. Tilgjengelig fra:
<http://whc.unesco.org/en/list/> (lest 10.04).
- Visit Flåm. (2016). Tilgjengelig fra: <https://www.visitflam.com/> (lest 21.04.2016).
- Williams, D. R., McDonald, C. D., Riden, C. M. & Uysal, M. (1995). Community attachment, regional identity and resident attitudes toward tourism.
- World Commision on Environment and Development. (1987). Our Common Future ('Brundtland report').
- Aall, C., Klepp, I. G., Engeset, A. B., Skuland, S. E. & Støa, E. (2011). Leisure and sustainable development in Norway: part of the solution and the problem. *Leisure Studies*, 30 (4): 453-476.
- Aall, C. (2014). Sustainable tourism in practice: Promoting or perverting the quest for a sustainable development? *Sustainability*, 6 (5): 2562-2583.

Vedlegg 1

Kart over verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap. Henta frå nettsida til UNESCO World Heritage Centre (u.å).



Vedlegg 2

Kart over delområdet Nærøyfjordområdet, i Vestnorsk Fjordlandskap. Henta fra nettsida til UNESCO World Heritage Centre (u.å).



Vedlegg 3

Intervjuguide

- Presentasjon av meg sjølv
- Masteroppgåve → del av prosjektet ”Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i Vestnorsk Fjordlandskap”
- Informere **om prosjektet**
 - o Denne oppgåva er ein del av eit større prosjekt ”Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling” i Vestnorsk Fjordlandskap” som no pågår i verdsarvområdet. Dette prosjektet har som mål å kartlegge ulike behov ved vidare utvikling og forvaltning av området. Bakgrunnen for prosjektet er det høge trykket lokalsamfunna i verdsarvområdet opplev, og gjennom besøksforvaltninga ønskjer ein å oppnå ein balansegang mellom å gi gode opplevelingar for dei besøkande, legge til rette for lokal verdiskaping og samstundes ivareta naturverdiane. Knut Bjørn Stokke og Jan Vidar Haukeland er mine vegleiarar, og begge er deltakande i prosjektet.
- Info om intervjuet; dokumentasjon, etterabeid av data og kva som skjer med data når prosjektet er ferdig.
- Garantere anonymitet
- Om noko er uklart er det berre å spørje, og om det er noko du synes er vanskeleg å svare på er det ok.
- Gje eit anslag på kva lenge intervjuet skal vare
- Spørja om det er i orden at eg tek opp intervjuet

Innleiande spørsmål:

- Kva jobb har du?
- Har du budd heile livet i Flåm?
- Eventuelt: Kor lengje har du budd her i Flåm? Kvar kjem du i frå? Kvifor kom du til Flåm?
- Familie?

- Korleis er det å bu her da? (som oppfølgingsspørsmål til innleiande spm)

- Kva tenkjer du om turismen i Flåm i dag da? (overgangsspørsmål)
 1. Bytteteorien: Føler du at du får noko att frå turismen i området?
 - a. Økonomisk gevinst?

- b. Kva blir att lokalt? Er det mykje som forsvinn ut gjennom dei store bedriftene? Slepp dei lokale, små selskapa til? (Overkøyring frå store bedrifter?)
 - c. Betra infrastruktur, til nytte for dei lokale? Som hyppigare buss- og togavgangar, tilgang på taxi, opne butikkar, kafear osv...
 - d. Fleire møtestadar?
 - e. Oppgradering og forskjønning av lokalområdet?
 - f. Betra fritidstilbod?
 - g. Er forureining ein konsekvens av turismen? (eks, smog, søppel, støy...)
 - h. Er det noko kontakt mellom turistane og dei lokale? Gjev turistane deg noko personleg? (social exchange?)
 - i. (Kor åtskilt opplev dei lokale at turismen er frå lokalsamfunnet?)
2. Teorien om tilknyting til lokalsamfunnet
- a. Kva er bra med å bu i Flåm? Korleis er Flåm eit godt lokalsamfunn?
 - b. Er det aktivt? Godt samhald? (har dette endra seg opp gjennom åra? Kvifor trur du?)
 - i. (Kva er ”drivkrafta” i samfunnet? (Kultur? Næringsliv-turisme?))
 - c. Korleis har dette (a og b) vorte påverka av turismen? Har noko vorte endra føler du?
 - d. Lokal kultur – kor sterkt står dette? Har dette forandra seg frå du var ung/ frå du fløtte hit?
 - i. Korleis verkar turismen inn på den lokale kulturen her meiner du?
 - e. Kven følar du Flåm er for i dag? For dei lokale eller turistar?
 - i. Korleis blir dei lokale prioritert ift. Turistane, frå kommunen/ lokale myndigheiter si side føler du?
 - f. Føler du deg sterkt knytt til lokalsamfunnet i Flåm? Kor viktig er lokalsamfunnet i Flåm for deg? (Kor aktiv er du i lag/ foreiningar og frivillig arbeid?)
 - g. Påverkar turismen her måten du lev på?
 - i. Eks: Hytter/ feriehus dei drar til i høgsesongen? Mindre ute i hagen sumartid? Fløtt dei ut av sentrum? Lev dei side om side eller åtskilt?

- h. Korleis er oppførselen til turistane? Tilpassar dei seg? ("eig" dei staden, slik at dei lokale føler seg framande i eigen bygd, eller oppfører dei seg som gjestar?)

Avsluttande spørsmål

- Ekspanderande turisme – kven har glede av det?
- Korleis kan reiselivet bidra for å skape eit godt lokalsamfunn?
- Om negativ haldning til turismen: Korleis burde det vore tenkjer du?
- Finnes det eit tak for utviklinga?
 - Korleis er synet på dette i lokalsamfunnet?
- Om du skulle gjeve eit råd til dei som skal utarbeide denne besøksforvaltningsplanen, kva ville det ha vore?

Avslutning – på en ryddig måte

- forbered informanten: "nå er det bare to spørsmål igjen"
- Er det noko meir du ønskjer å si? Er det noko du lurar på?
- Kan eg kontakte deg seinare om det viser seg at det er noko meir eg lurar på?

Vedlegg 4

Ei oversikt over haldningane til informantane, med ei kategorisering av om dei er negative eller positive (visast som + (positiv) eller - (negativ)).

Intervju- personar	Generelle haldningar
IP-1	Negativ til måten det er gjort på, men positiv til både landbasert- og cruiseturisme, men han meiner at det må kontrollerast betre.
IP-2 +	Positiv og tilfreds med tilstanden, men ho påpeikar at det er viktig at dei passar på at alt skjer bra.
IP-3 Nøytral	Vanskeleg å forstå heilt kvar ho står. Men er positiv, det er tross alt dette vi lev av seier ho. Uttrykkjer samstundes uro for kva som kan vere konsekvensane om ein ikkje styrer og kontrollerer utviklinga godt nok.
IP-4 +	Positiv. Ho held til litt lengre oppe i Flåmsdalen og synes ikkje ho merkar så mykje til dette trykket, og har heller ikkje så mykje å seie om situasjonen nede i Flåm sentrum. Stolt over å bu på ein plass som folk vil koma å besøke. Identifiserer seg litt med turistane (sjølv innflyttar).
IP-5 -	Det er kjekt med turisme, men ikkje masseturisme. Sterkt imot cruiseturismen i dagens form, men landbasert turisme har han ikkje noko problem med. Han meiner cruisetursien fortreng den landbaserte turismen. Er redd for dette, for noko må dei jo leva av og han meiner at cruiseturismen ikkje legg att noko særleg pengar. Han meiner at nokon få tener grovt på turismen medan mange har ulempene, og at dette kunne vore mykje betre.
IP-6 -	Ho er veldig oppteken av at naturen må takast vare på, at det er dette som er verdiiane deira og grunnlaget for at dei kan drive med turisme her. Ho uttalte at "Det er klart, eg kan ikkje snakke i mot turismen. Eg lev av turisme." Sjølv om ho er vag i utalingane sine, har eg tolka haldningane hennar som negative <u>mot situasjonen i dag</u> . Ho seier blant anna at det er VELDIG därleg at det ikkje er betre kontroll på

cruiseskipa som ligg til kai, og at miljøverstingane burde vore nekta å kome.

- | | |
|-------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| IP-7 | Svært oppgitt over situasjonen, synes det er mykje negativt. Har trafikken tett oppi seg. Det er ikkje turismen i seg sjølv som er problemet, men måten det er gjort på seier han. Men han meiner det må avgrensast alt sammen (Vil jo ta fotballbana til parkering for bussar). |
| IP-8 | Ser positivt på det, og ønskjer det velkomen. Har berre positivt å seie, og er nøgd med tilværet. Samstundes seier han at det trengs regulering, men i motsetning til dei som er meir negative meiner han at dette blir gjort, og at det kunn er dei skipa med reinast utslepp som får koma inn. |
-

Vedlegg 5

Oversikt over intervjupersonane med ei oppsummering av kva dei føler dei får att frå turismen, og ei kategorisering av haldningane (visast som + (positiv) eller - (negativ)).

Intervju- personar	Føler dei at dei får noko att frå turismen (Fordelar)?	Ulempar som følgjer med (Negative konsekvensar/ Kva burde vore betre?)
IP-1 -	Han har ei tydeleg oppfatning om at dei får noko att frå turismen, det gjev arbeidsplassar og eit stort investeringsnivå. Men det kunne vorte meir med betre styring, og at ulempene med det slik kunne vorte redusert.	Forureining i nærmiljøet. Turistar går inn i hus og tun. Trengsel og tome butikkhyller. Aktørar med avgjerande betyding for utvikling av reiselivet er ikkje lokale.
IP-2 +	Betrar økonomien! Før hadde vi veldig lite i Flåm, så denne utviklinga har vore positiv. Verkar for å like kontakta med turistane.	Nemnar at cruiseturistane pressar prisane på Flåmsbana, og at biletane for dei er kanskje 4-5 gonger billigare enn for dei lokale.
IP-3 Nøytral?	For oss er det jo eit levebrød. Mange bedrifter gjer det bra, og skatten kjem jo attende til kommunen og blir brukt til velferdsgodar.	Forureining – kanskje spesielt støy. Meiner at det er lett å fokusere på det negative, at dei positive verknadene kanskje ikkje er så synlege.
IP-4 +	Gjev ringverknader og arbeidsplasser i bygda. Innbillar seg at mykje blir att lokalt, men veit ikkje noko om dette. Mange trivelege møter med turistane.	Flåmsbana er mest for turistane, og dei lokale blir ikkje teke omsyn til, mtp stoppestadar og pris. Saknar toalett oppigjennom Flåmsdalen, skit rundt om kring og i foret.

IP-5	<p>- Han meiner den landbaserte turismen skapar verdiar i bygda, men at dette kunne vorte mykje meir med ei betre styring. Slik det er i dag forsvinn mykje av verdiane ut, og moglegheiter dei har blir ikkje utnytta.</p>	<p>Sterkt negativ til cruiseturismen, meiner dei berre får ulemper att. “Det kjem ikkje noko tilbake, det er kun, bokstaveleg talt, dritten som ligg att. Røyk, støy og gråvatn.”</p>
IP-6	<p>- Verdiskaping og arbeidsplassar, ringverknader i bygda. Sjølv om cruiseturismen kanskje ikkje primert legg att så mykje er det av betydning, for “folk dreg folk” seier ho.</p>	<p>Forureining – som støy og røyk og gråvatn. Ho er svært oppteken av at ein må ta vare på naturen, sidan dette er grunnlaget for turismen her, og meiner at dette er for därleg i dag. Etterlyser betre regulering.</p>
IP-7	<p>- Han har vanskeleg for å sjå noko positivt med tursimen. Inntekta blir hjå dei som tener direkte på den, medan dei private blir nesten tråkka ned, seier han.</p>	<p>Han seier dei er svært plaga av forureing og støy. Før var det mykje fisk både i fjorden og i elva, no er det meste burte og han skuldar tusimen delvis for dette.</p>
IP-8	<p>+ Han meiner at alt saman kjem lokalsamfunnet til gode, og at det er innbyggjarane som får glede av ein ekspanderande turisme. Han nemner skatt og arbeidsplassar. Det er ikkje så mange år sidan det ikkje var noko her, seier han.</p>	<p>Det burde vore spreidd litt meir ut i kommunen. Trafikkbiletet nede ved stasjonen og kaia er litt kaotisk.</p>

UNESCO World Heritage Centre. (u.å). *West Norwegian Fjords - Geirangerfjord and Nærøyfjord*. Tilgjengelig fra:
http://whc.unesco.org/en/list/1195/multiple=1&unique_number=1372 (lest 21.04.2016).



Norges miljø- og biovitenskapelig universitet
Noregs miljø- og biovitenskapslege universitet
Norwegian University of Life Sciences

Postboks 5003
NO-1432 Ås
Norway